

Besøksstrategi

Verneområda i Reinheimen



Kolofon

Utførande institusjon

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Kontaktperson

Per Magnus Berdal (styreleiar) / Ingvild Øyjordet (nasjonalparkforvaltar)

Publikasjonsnummer

1

År

2019

Sidetal

44

Opplag

1

Utgjevar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - vedteke 02.12.2019

Forfattar

Ingvild Øyjordet

Tittel

Besøksstrategi – Verneområda i Reinheimen

Samandrag

Besøksstrategi for verneområda i Reinheimen er ein plan for korleis nasjonalparkstyret vil gjennomføre besøksforvaltning i Reinheimen. Strategien «Reinheimen er attraksjonen og verdiskapinga skjer utanfor» skal ligge i botnen for å nå målet om å balansere verneverdiane, besøkande, brukarar og lokal verdiskaping, slik at ein oppnår størst mogleg nytte for alle interessene. Besøkstalet på merka stigar og hytter i Reinheimen nasjonalpark bør haldast på same nivå som i dag og skjermast mot ei framtidig stor besøksauke med omsyn på villrein. Trollstigen er ei sone med stort besøk, der besøket skal kanaliserast til tilrettelagte turar som toler stor belastning og gjev gode opplevingar. Hovudinnfallsportar skal leggest til strategiske plassar utanfor verneområda med infrastruktur og servicefunksjonar og vera utgangspunkt for opplevingar og verdiskaping. Utvikling av konsept på strekningar rundt området kan utnyttast av reiselivet for verdiskaping. Høg kvalitet på informasjons- og kommunikasjonsløyseringar er ein suksessfaktor for å gjennomføre besøksstrategien i praksis. Nasjonalparkforvaltninga skal produsere digital og trykt informasjon som speglar besøksstrategien og som skal tilbydast og distribuerast rundt området. Tiltaksplanen viser oversikt over tiltak som nasjonalparkstyret vil gjennomføre og skal rullerast kvart år. Godt samarbeid med reiseliv, (nasjonalpark)kommunar, informasjonssenter, grunneigarar, rettighetshavarar og andre aktørar er avgjerande for å lykkast. Besøksstrategien skal lyfte fram nasjonalparkstatusen til Reinheimen og auke forståinga for vernet med ynskje om å ta vare på.

Forsidefoto

Ingvild Øyjordet

INNHALD


1	INNLEIING	1
1.1	Føremål	2
1.2	Rammeverk	2
2	KUNNSKAPSGRUNNLAGET	5
2.1	Sårbare naturverdiar	5
2.2	Kulturminne	10
2.3	Brukarinteresser	12
2.4	Reiseliv i og rundt Reinheimen	14
2.5	Samanstilling kunnskap	17
3	MÅL	18
4	STRATEGISKE GREP	19
4.1	Overordna strategi	19
4.2	Innfallsportar	20
4.3	Kanalisering skal sikre verneverdiane	25
4.4	Verdiskaping	26
4.5	Samarbeid om besøksforvaltning	27
4.6	Lokalt engasjement	30
5	KOMMUNIKASJON AV BESØKSSTRATEGIEN	31
5.1	Informasjonstiltak i tråd med merkevara Norges nasjonalparkar	31
5.2	Kommunikasjonskanalar	34
6	TILTAKSPLAN	36
7	LITTERATUR	43

1 INNLEIING

I Stortingsmelding nr. 18 (2015-2016) om Friluftsliv, gjev regjeringa signal om at dei vil prioritere betre tilrettelegging for friluftsliv i nasjonalparkane, både for å ta omsyn til reiselivet og verneverdiane. Regjeringa oppmodar til at det blir utarbeidd besøksstrategiar i nasjonalparkane, med mål om at kvar nasjonalpark skal ha utarbeidd besøksstrategi innan 2020.

Handlingsplan for styrka forvaltning av verneområde (Klima og miljødepartementet 2019) slår fast at tilstanden i verneområda ikkje er god nok. I ca. 27% av verneområda er verneverdiane trua. Samstundes er norsk natur stadig meir attraktivt og reiselivet i vekst. Nasjonalparkar er internasjonalt store attraksjonar og for utanlandske turistar er besøk til eller i nærleiken til ein nasjonalpark verdifullt. Auka interesse for aktivitetar og opplevingar gjev grunnlag for kommersielle aktørar. Som følgje av eit reiseliv i vekst er det sett nasjonale mål om «eit grønt skifte», med fokus på at vekst og utvikling i samfunnet må skje innanfor tolegrensa til naturen. Besøksstrategi er ein plan for korleis forvaltningsmyndigheita vil handtere besøksforvaltning for verneområdet.

Besøksstrategien for Reinheimen er ein felles plan for Reinheimen nasjonalpark, Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen, Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde og Brettingsmoen naturreservat, alle forvalta av Reinheimen nasjonalparkstyre (Figur 1). Arbeidet med besøksstrategi starta formelt opp gjennom vedtak av prosjektplan i styremøte 26.06.2017.



Figur 1. Kart over verneområda i Reinheimen.

Besøksstrategien er utforma ved å samanstille kunnskap om sårbare natur- og kulturverdiar med dagens bruk. I prosessen er det lagt vekt på å involvere kommunar, grunneigarar, beitebrukarar, næringsliv, reiseliv for at flest mogleg skal få eigarskap til besøksstrategien.

1.1 Føremål

Overordna mål for besøksstrategien er å;

- Ivareta verneverdiane
- Legge til rette for gode opplevingar for besøkande
- Bidra til lokal verdiskaping
- Auke forståinga for vernet

Besøksstrategien er ein plan for korleis Nasjonalparkstyret for Reinheimen vil gjennomføre besøksforvaltning for verneområda i Reinheimen. Besøksstrategien skal vise kva tiltak som er naudsynte for å balansere verneverdiane, besøkande, brukarar og lokal verdiskaping, slik at ein oppnår størst mogleg nytte for alle interessene. Eit overordna prinsipp for besøksstrategien er at dersom det er motstridande målsettingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping, skal ivaretaking av verneverdiane tilleggst størst vekt.

1.2 Rammeverk

Verneområda i Reinheimen omfattar Reinheimen nasjonalpark, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen, Tafjorden-Reindalen, Ottadalen og Finndalen landskapsvernområde og Brettingsmoen naturreservat. Naturmangfaldlova, verneforskriftene, forvaltningsplanen og vedtektene for Nasjonalparkstyret legg rammene for besøksforvaltningsarbeidet.

Verneforskrifter

Det gjeld eigne verneforskrifter for kvart enkelt verneområde knytt til Reinheimen. Verneforskriftene for verneområda i Reinheimen finn du [her](#).

Føremålet med Reinheimen nasjonalpark er gjeve i verneforskrifta § 2:

Verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 2 Formål

Formålet med opprettinga av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging

Verneføremålet legg grunnlaget for forvaltning av nasjonalparken, landskapsvernområda og naturreservatet og skal ligge til grunn for besøksstrategien.

I verneområda er det «forbod mot inngrep av alle slag», men det finst ei rekkje unntak som forvaltingsmyndigheita kan gi løyve til etter søknad. Kulturminne skal vernast mot skade og

øydelegging, og lause kulturminne skal ikkje flyttast eller fjernast. All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplanen. Sykling og organisert køyring med hundspann og organisert bruk av hest er berre tillate på vegar, trasear eller i område som er særskilt peikt ut i forvaltningsplanen. Innanfor nærare avgrensa delar av nasjonalparken kan Miljødirektoratet ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet. Av omsyn til naturmiljøet eller kulturminne kan forvaltningsmyndigheita legge om eller krevje fjerna merking av løyper og stigar.

Naturmangfaldlova (NML)

NML §§ 8 - 12 skal leggjast til grunn ved handsaming av saker etter dei spesifiserte dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta, og etter den generelle dispensasjonsbestemminga i § 48 naturmangfaldlova. Kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet og økosystemtilnærming og samla belastning (ref. NML §§ 8 - 10) er viktige rettesnorar for vurdering av aktuelle tiltak og aktivitet i verneområda.

Kongeleg resolusjon

Verneplanen for Reinheimen vart vedteken ved Kongeleg resolusjon (Kgl. res.) av Kongen i statsråd, 24. november 2006. Ved vernevedtaket vart det fastsett ei eiga forskrift og eit eige vernekart for kvart av verneområda. Kongeleg resolusjon er det dokumentet som låg ved saka då Kongen i statsråd vedtok opprettinga av verneområda i Reinheimen. Om reiseliv omtalar kongeleg resolusjon at: *Verneplanen kan ha en positiv virkning for reiseliv og turisme hvis vernet benyttes i forbindelse med merkevarebygging av attraksjoner i området. Utvikling av reiselivet må sees i nær sammenheng med St.prp. nr 65 (2002-03), jf Innst. S. nr. 260 (2002-2003) om å øke verdiskaping i fjellområdene. Det er lagt til grunn at en bærekraftig utvikling av reiselivet i området ikke må komme i konflikt med verneverdiene.*

Kongeleg resolusjon finn du [her](#).

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Reinheimen vart godkjent i 2010 og legg føringar for korleis verneforskriftene skal tolkast og praktiserast. Besøksstrategien vil byggje på dei føresetnadane som ligg til grunn for denne. Forvaltningsplanen skal normalt rullerast etter 10 år, og det er aktuelt å starte opp med revisjon av forvaltningsplanen i 2020. For Reinheimen er det naturleg å utarbeide besøksstrategien som eit frittståande prosjekt, og at besøksstrategien for Reinheimen blir eit eiga kapittel til forvaltningsplanen ved neste rullering. Forvaltningsplan for Reinheimen finn du [her](#).

Vedtekter for Nasjonalparkstyret

Vedtekter for Nasjonalparkstyret for Reinheimen, pkt. 8.2. Skjøtsel og besøksforvaltning: *Styret kan som forvaltningsstyresmakt leggje til rette for at verneområda sitt potensial for verdiskaping utnyttast innanfor ramma av verneforskriftene og naturmangfaldlova. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanane som omhandlar besøksstrategi. Styret skal ikkje opptre som*

næringsaktør, men bør i denne sammenhengen innleie til eit samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøkssenteret.

Regional plan for Ottadalsområdet

Regional plan for Ottadalsområdet, det som i dag heiter Reinheimen-Breheimen villreinområde, er utarbeidd av fylkeskommunane i Oppland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal etter Plan- og bygningsloven § 8 (vedteke 2015). Hovudmålet med planen er å sikre villreinen i Ottadalsområdet store nok område for at stamma framleis skal kunne vera levedyktig i framtida, samt å sikre moglegheiter for utveksling til andre villreinområde, i dette tilfellet Vest-Jotunheimen. I tillegg er det også eit viktig mål med planen at lokalsamfunna i planområdet framleis skal kunne ha handlingsrom til forvaltning og utvikling av livsgrunnlaget for bygdene. Regional plan for Ottadalsområdet finn du [her](#).

Merkevarestrategi for Norges nasjonalparker

Merkevarestrategien for Norges nasjonalparker, lansert av Miljødirektoratet i 2015, legg føringar for nasjonalparkforvaltninga sin eksterne kommunikasjon. Besøksstrategien skal byggje på merkevarestrategien, og den grafiske designmanualen skal nyttast i utforming av informasjonsmateriell og tilrettelegging for besøk i verneområdet. Merkevara «Norges nasjonalparker» skal synleggjere verneområda med ynskje om å ta vare på og oppleve. Portalen ynskjer besøkande velkomen inn. Designmanual for Norges nasjonalparker: <http://designmanual.norgesnasjonalparker.no/>

Forvaltningsprinsipp

Forvaltningsmyndigheita kan bruke ulike verkemiddel på aktuelle tiltak. Figur 2 viser forvaltningsprinsipp i ynskt prioritert rekkjefølgje, frå informasjon og opplæring til stenging.



Figur 2. Forvaltningsprinsipp. Fritt attgjeve etter Hammitt et. Al. 1992.

Andre styrende faktorar

Grunneigarar, beitebrukarar og rettighetshavarar har rettar i verneområda som er viktig å ha med seg i arbeidet med besøksforvaltning. Mange tilretteleggingstiltak krev løyve frå grunneigar før det kan gjennomførast. Tiltak kan òg krevje behandling etter andre lovverk, som plan og bygningslov, lov om motorferdsel med fleire.

2 KUNNSKAPSGRUNNLAGET

I arbeidet med besøksforvaltning er det spesielt viktig å ha kunnskap om kva naturverdiar som er sårbare i forhold til ferdsel og friluftsliv. Kor sårbart eit område er, heng saman med både eigenskapen til naturressursen og korleis ferdselen går føre seg.

I forvaltningsplan for Reinheimen står det omtalt under tema friluftsliv (s. 29):

«Friluftsliv er eit delmål både i landskapsvernområda og nasjonalparken i Reinheimen. I samsvar med norsk friluftstradisjon er det fri ferdsel i verneområda. All ferdsel og aktivitet både i verneområda skal skjje *omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap, naturmiljø eller kulturminne*. Reinheimen nasjonalpark er eit attraktivt område for friluftsliv. Området har ein låg tilretteleggingsgrad, særleg dei austlege områda, og kjensla av ro og harmoni er noko som slår mange som bruker området. Dette kan ha samanheng med at tilretteleggingsgraden er moderat, besøkstala er låge og at landskapet har eit opphavleg og storskala preg.»

Villrein er eit av dei viktigaste verneformåla i Reinheimen og det er derfor viktig at det blir tilrettelagt for friluftsliv i område der ferdsel ikkje kjem i konflikt med villrein og andre verneverdiar. Skade som følgje av ferdsel kan knytast til uro for dyrelivet, slitasje på verdifulle vegetasjonstypar, skade på kulturminne og annan vesentleg terrengslitasje. Særleg utsett for forstyrring er villrein på vinterbeite og før, under og etter kalvingsperioden, og våtmarksfugl og rovfugl når dei oppheld seg ved spel- og hekkeområda. For fleire av verneområda gjev verneforskrifta heimel til å regulere organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Dette gjeld for Reinheimen nasjonalpark og Tafjorden-Reindalen, Trollstigen og Ottadalen landskapsvernområde.

Følgjande blir kunnskap om sårbare naturverdiar (kap. 2.1), kulturminne (2.2), brukarinteresser (2.3) og reiseliv (2.4) omtalt.

2.1 Sårbare naturverdiar

Villrein

Å ta vare på leveområda til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde (tidlegare kalla Ottadalen villreinområde) er eitt av formåla som er spesifisert med vern av Reinheimen nasjonalpark og seks landskapsvernområde i Reinheimen. Verneområda i Reinheimen er del av eit større leveområde for villreinen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, eitt av ti utpeikte nasjonale villreinområde. Noreg har eit spesielt ansvar for villrein som art, og det har svært mykje å seie at leveområdet for villreinen blir sikra. Reinheimen representerer eitt av dei aller siste europeiske villreinområda, med store areal villmark med liten grad av inngrep. Villreinområdet er det villreinarealet i Noreg med prosentvis størst urørd areal (48%).

Villreinbestanden i Reinheimen har vore kring 2000 vinterdyr siste åra. Det marginale og ustabile livsgrunnlaget i fjellet krev at villreinen må flytte seg over store delar av leveområdet. Sommar- og vinterbeita fordeler seg over område med store skilnader i snømengd og mattilgang. Vinterbeita er ofte område med lite snø og gode førekomstar av lavbeite, medan

vår- og sommarbeita er område med tidleg snøsmelting og god tilgang på frodige beite. Om sommaren går dyra spreidd over store område. Villreinen treng store område for å kunne utnytte beite, og er heilt avhengig av å kunne bevege seg uforstyrta mellom dei ulike områda, både gjennom året, men også gjennom årvisse flyttingar (syklusar).

Kunnskapen om villrein i Reinheimen er fordelt i ulike rapportar. Fullstendig oversikt går fram [her](#). Følgjande dei viktigaste trekka. Villreinen sin bruk av Reinheimen frå 1970-talet og fram til ca. 2010 er skildra i rapporten *Villreinen i Ottadalen – Kunnskapsstatus og leveområde* (Jordhøy m.fl. 2011). Frå ca. 2010 og fram til i dag baserer kunnskap om områdebruk seg på årsrapportar frå villreinutvalet. Reinheimen-Breheimen villreinområde erstatta det tidlegare namnet Ottadalen villreinområde med endring av forskrift om forvaltning av hjortevilt § 21 kunnngjort 12.01.2016. Reinheimen-Breheimen villreinområde vil bli brukt i vidare omtale.

Store delar av Reinheimen er heilårsbeite, frå Slådalsvegen i aust til fylkesgrensa mellom Oppland og Møre og Romsdal (Jordhøy mfl. 2011). I vest er områda kategorisert som barmarksbeite med nokre innslag av heilårsbeite, og områda heilt i vest av Reinheimen er leveområde barmark utan observasjonar i nyare tid.

Kjeldene dokumenterer at det har vore store endringar sidan 1970-talet i fostringsflokkane sin bruk av områda vinterstid, frå at Lordalen var brukt på 1970-talet til ei gradvis flytting mot sør til Honnsjoområdet og Liafjellet. Sidan 1993 har reinen brukt områda rundt Liafjellet. Minimumsteljinga i februar 2018 viste at hovuddelen av villrein i Reinheimen oppheldt seg på Liafjellet (ca. 1600 av 2266 dyr), og det vart òg funne mindre flokkar heilt nord til Sletthø. Frå 90-talet og fram til i dag er områda både på nordsida og sørsida av Lordalen mykje brukte kalvingsområde.

Generelt har områda vest for Tordsvatnet og Asbjørnsdalen frå ca. 2000 så å seie vore «tome» for rein. Asbjørnsdalen var eit viktig kalvingsområde på 70-talet, og frå 80-talet vart områda rundt Trihøene meir brukt. I 2018 og 2019 er på sommarstid og haust observert villrein i områda ved Tordsvatnet og mot Karitinden og i Asbjørnsdalen. Asbjørnsdalen er per 2019 freda i jaktperioden med mål om at dyra i større grad tek i bruk områda vestover.

Villreinen sitt levevis tilseier at område som ikkje har vore brukt dei siste 20-30 åra i større grad kan bli brukt i åra framover. Såleis er det avgjerande å forvalte lite brukte område dei siste tiåra med omsyn på at villreinen i framtida vil ta i bruk områda. Dette inneber å ikkje auke trafikk av menneske og forstyrringar samt å oppretthalde viktige trekk- og fokusområde.

I eit forsøk på å reetablere ei villreinstamme i dei nordvestlege fjellområda mellom Brøstdalen og Trollstigen, vart det i 1999 sett ut 49 rein ved Trollstigen, kalla Trollstigreinen. Ein del av dyra slo seg saman med hovudstammer lenger aust. Sidan ca. 2010 har Trollstigreinen heldt seg for det meste i Litlelangdalen i barmarkssesongen og kalvinga går føre seg her. På vinteren held dei til i same området, mot Ulvådalen. Talet på dyr har ligge stabilt på rundt 25 dyr.

Villrein og ferdsel – sårbare område

Villrein og ferdsel er utfordrande dersom ferdsel verkar negativt på villrein sin bruk av område. Eitt av måla skildra i forvaltningsplan for Reinheimen er å sikre store urørte leveområde for villreinen, kombinert med at eksisterande sti- og skiløypenett i størst mogleg grad blir oppretthalde. Er det utfordringar på villrein og ferdsel i Reinheimen i dag? Kunnskap

på villrein sin områdebruk over tid viser at villrein i mindre grad enn tidlegare brukar område vest i Reinheimen. Tal på overnattingar på ÅST sine hytter seier noko om omfanget av ferdselen, jf. kap. 2.4. Kvifor brukar ikkje villrein områda i vest? Er det naturlege variasjonar i områdebruk? Påverkar ferdselen på stig- og løypenettverk i vest? Det finst per i dag ikkje klårt svar på dette. Det er viktig å vera føre-var der ein i dag tek viktige val for å sikre villrein sitt leveområde innanfor verneområda i Reinheimen og legge til rette for at villrein i større grad brukar områda i vest.

I NINA-rapport 1400 Miljøkvalitetsnorm for villrein har ei ekspertgruppe vurdert kunnskapsgrunnlaget om villrein i dei 23 villreinområda. Effektar av menneskeleg aktivitet på villreinen sin bruk av areal og ressursar i landskapet er omtalt. Ferdsel og menneskeleg bruk av villreinområda set begrensingar for villreinen sin bruk av landskapet (Kjørstad, m.fl. 2017). Effektar av forstyrningar og tekniske inngrep handlar om fragmentering av bestandar, barrierar som hindrar utnytting av ressursane i landskapet, arealfråvær i stor og liten grad og meir lokale effektar knytt til redusert tidsbruk og auka energiforbruk.

Relevante tema i Reinheimen er turisthytter, merka stigar, mindre vegar og kraftledningar. Turisthytter fører til auka ferdsel i området rundt. Villrein vik frå turisthytter og studiar har funne totalt fråvær innanfor ein radius på 1 km. Innanfor 10 km frå turisthytta er det påvist redusert bruk. Vegar fører til auka ferdsel og auka tilgjenge. Vegar er til hinder for naturleg åtfærd hjå villrein. Studiane oppsummert i NINA-rapporten viser at det er stor variasjon i villreinen sin respons i forhold til merka stigar. Sjansen for at villrein kryssar ein stig blir redusert dersom det er ca. 30 personar som går stigen i løpet av dagen og ved 200 personar per dag fungerer stigen som ei sterk barriere. For kraftledningar er effektane av villrein sin bruk uklare og omdiskuterte. Kraftledningar har hatt mindre negativ effekt etter gjennomført anleggsarbeid. Påverknad av UV-stråling frå kraftledningar og om reinen kan sjå UV-spekteret kombinert med lyd, spesielt om vinteren, er ein pågåande diskusjon.

Kunnskapen tilseier at ferdsel verkar negativt på områdebruken til villrein. Det er i forvaltningsplanen nedfelt at det ikkje blir opna for utviding av overnattingskapasiteten på DNT/ÅST-hyttene eller bygging av nye hytter. I dei vestlege område i Reinheimen med merka stigar og turistforeiningshytter, bør ferdselen haldast på eit lågt nivå og ikkje aukast utover dagens omfang. Dersom framtidig ferdsel kjem i konflikt med villrein, kan nasjonalparkforvaltninga legge ned/om stigar, jf. verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 5.5.

I ei digital løysing levert av villrein.no er fokusområde i villreinområde i Noreg visualisert, der fokusområda i Reinheimen speglar fokusområda frå regional plan. Fokusområde er definert som *særleg sårbare villreinareal, der det er konflikter mellom omsynet til villrein og menneskeleg utbygging/aktivitet*. For Reinheimen er fokusområda Slådalen, Honnsjoen, Bispberget, Brøstdalen-Reindalen, Asbjørnsdalen, Lordalen, Trollstigen (Tabell 1). Utfordringar til fokusområda er ferdsel, vasskraft og veg. Viktige område for villrein som ligg i ytterkanten av Reinheimen, er område med større utfordringar enn dei indre delane fordi desse er lettare tilgjengelege for besøkande. Fokusområda treng spesiell oppfølging og med målretta forvaltningstiltak, der ein skjermar sentrale og urørte område gjennom å styre ferdsel til område der det allereie er mange inngrep og mykje forstyrning og til område utanfor verneområda. Lenke til løysinga:

<http://villrein.maps.arcgis.com/apps/Cascade/index.html?appid=8c87fa846a864cc6892b5079e416282b>

Tabell 1. Fokusområde villrein Reinheimen, henta frå regional plan for Ottadalsområdet og villrein.no.

Fokusområde	Omtale
Lordalen	Spesielt sårbar på seinvinteren og våren, men generelt eit viktig heilårsområde for villrein
Asbjørnsdalen	Villrein nyttar sporadisk desse områda, kan bli viktige framover. Lett tilgjengeleg frå Bjorli der det er stor trafikk. Viktig å kanalisere besøkande til andre turområde. Brøstdalen?
Honnsjoen (med Liafjellet)	Vinterbeite. Lett tilgjengeleg frå Lia. I dag stort sett brukt av lokale. Informasjon ut viktig. Dialog med reiseliv for å unngå at området over tregrensa blir satsa på i reiselivssamanheng.
Bispberget (med Aursjoen)	Bilveg til Aursjoen som følgje av vasskraftregulering. Lett tilgjengeleg. Områda nord for Aursjoen definert kalvingsområde.
Slådalen	Bufferområde, hovudsakleg for vinterbeite aust for Slådalsvegen. Trafikk hovudsakleg sommarstid. Differensiert på årstid.
Brøstdalen-Reindalen	Tidlegare brukte område av villrein. Kan bli viktige i framtida. Trafikk på nettverk av merka ruter og DNT-hytter, heile året. Ikkje legge opp til auka besøk
Trollstigen	Trekkbarriere veg, ferdsel, camping langs veien. Gamalt vandringsområde mot vest. Sommarope veg, trekkområde gått ut av bruk.

Villrein og klima

Klimaendringar er ein trussel for villreinen og deira leveområde i framtida. Tilnærming til førevar-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9, tilseier at leveområda til villrein må sikrast i eit langtidsperspektiv. Mildare klima kan føre til eit auka behov for villrein for større område å spele på. Gradienten aust-vest i Reinheimen, med vinterbeite i aust og sommarbeite i vest kan bli forsterka i framtida. Det er ei nasjonal målsetjing å ta vare på leveområda til villreinen for framtida. Med villrein som eitt av hovudformåla med Reinheimen nasjonalpark og landskapsvernområda ikring, må mål, strategiar og tiltak i forvaltninga og i besøksstrategien ikkje hindre, men heller legge til rette for at villreinen ein gong i framtida skal nytte ein større del av leveområdet enn det som er tilfelle i dag.

Fjellrev

Kjente historiske hilokalitetar har vorte overvaka av Statens naturoppsyn (SNO) over tid. I 2017 vart det dokumentert yngling ved ein hilokalitet i Reinheimen, for fyrste gong på 30 år, og registrert totalt tre par. Fjellrev har vore ein vanleg art i fjellområda i Noreg frå siste istid og fram til freding i 1930 som følgje av hard jakt og fangst med drastisk bestandsreduksjon som følgje. Det har vore ei nasjonal satsing for å reetablere fjellrev og auke bestanden. Avlsprogrammet i regi av NINA har syrgd for vekst, men fjellrevbestanden er sårbar for vinterforhold og svingingar i smånagarbestanden. Potensialet for forstyrringar er størst i yngleperioden, frå mai til slutten av juli. Med sårbarheita til fjellreven er det viktig at kjente lokalitetar og områda rundt i Reinheimen blir verna om. Lokalitetane med aktive hi ligg i område av Reinheimen med relativt lite ferdsel. Fleire villreinjegerar observerte fjellrev i villreinjakta og observasjonane er kjent i miljøet. Det er viktig at overvakinga held fram og at ein unngår at besøkande aktivt oppsøker områda med mål om å sjå fjellreven.

Fugl

Fleire artar av rovfugl hekkar innanfor området; kongeørn, havørn, fjellvåk, jaktfalk, dvergfalk, tårnfalk, haukugle, jordugle, hubro. Rovfuglane er artar som krev plass og lett blir forstyrra. Mange av artane er omfatta av den nasjonale raudlista. Gjel og bekkekløfter er verdifulle som hekkeområde for rovfugl. Våtmarksfugl og rovfugl er spesielt sårbare når dei oppheld seg ved spel- og hekkeområda. To våtmarksområde, Rååvatnet og Leirungsvatnet, blir trekt fram i forvaltningsplanen som særleg verdifulle og av kvalitet med nasjonal verneverdi.

På oppdrag for Nasjonalparkstyret for Reinheimen har Kistefoss skogtjenester i 2017 utført eit arbeid på rovfugl og våtmarksfugl;
Høitomt, G. & J. Opheim 2018. *REINHEIMEN NASJONALPARK (med tilliggende verneområder) - Sårbarhetsvurdering rovfugl/våtmarksfugl 2017*. Kistefoss Skogtjenester, Rapport nr. 6 2018.

Kartlegginga omfattar sårbarheit overfor ferdsel og andre tiltak for utvalde rovfuglartar (kongeørn, havørn, hubro, vandrefalk, jaktfalk), samt nokre antatt viktige våtmarksområde. Rapporten definerer 23 sårbarheitssoner rundt hekkeplassar for utvalde rovfuglartar og i særleg viktige våtmarksområde. Sårbarheitssonene er plassert i ulike klasser avhengig av sårbarheitsgrad, og fordelar seg med 5 i kategorien *sårbar*, 7 i kategorien *nokså sårbar* og 11 i kategorien *robust*. Sårbar periode vil variere innanfor tidsrommet 1. februar - 15. august avhengig av art og funksjonen til området. Sårbarheitsvurderinga tek for seg 5 svært viktige våtmarksområde i Reinheimen som representerer område med stor kulturpåverknad (Finndalen) og høgfjellslokalitetar med eit spesielt våtmarksmiljø knytt til flyer, tjern, grusvifter og grunne vatn.

Fleire artar vil vera sårbare i ei nokså lang etableringsfase, òg før egglegging. Forstyrningar i tidleg etableringsfase kan resultere i at hekking uteblir, medan forstyrningar i rugetid/ungetid kan medføre at arten skyr reiret eller at egg/ungar døyr (på grunn av t.d. kaldt vær/nedbør). Påska fell til denne perioden, da solvendte stader ofte er populære rasteplassar for skituristar, stader som òg er populære til reirlokaltetar for m.a. kongeørn og jaktfalk. All aktivitet på våren utgjør samla sett eit potensiale for uheldig forstyrning av sårbare artar, og det er ei viktig forvaltningsoppgåve å minimalisere samla belastning. Sommarstid er trafikken enklare å ha oversikt over og kan styrast gjennom tilrettelegging og informasjon.

Det er stort potensiale for funn av fleire hekkeplassar for rovfugl (spesielt jaktfalk) i den nordre delen av verneområdet, m.a. fleire av dei mindre dalane som går inn frå hovuddalføra i Romsdalen og Valldalen-Tafjordområdet. Nærare undersøkingar må til i desse områda. Samla sett er sårbart fugleliv i verneområda i Reinheimen godt ivareteke gjennom gjeldande vernebestemmingar og handheving av desse. Størst konfliktpotensial ligg i ferdsel langs nokre av dei merka turstigane, nærings- og oppsynsverksemd i tidleg hekkesesong, brot på bandtvang, samt fiske og ferdsel i enkelte våtmarksområde i sommarhalvåret.

Aktuelle tiltak for besøksstrategien med omsyn på sårbare fugleartar er å:

- unngå tilrettelegging som gjev auka ferdsel/telting/opphald i sårbare område
- velje minst mogleg konfliktfylte snøskutertrasear i nærings- og oppsynsoppdrag
- unngå langvarig opphald i sårbare område ved oppsynsoppdrag
- informasjon om vernebestemmingar og anna relevant lovverk, inkludert bandtvangsbestemming
- oppsyn og vegleiing i felt (bl.a. informasjon om nødvendig omsyn til sårbart dyreliv)
- omlegging av særleg konfliktfylte stigar
- dialog med reiseliv for å kanalisere besøk bort frå sårbare område

Rapporten finn du [her](#).

Vegetasjon- og terrengslitasje

Delar av det merka- og umerka stignettet i Reinheimen ligg i område med slitesvak vegetasjon, særleg i blaute myrområde, stiar som kryssar/er lagt langs bekkar og elvar, og i område med bratt stigning og som difor er erosjonsutsette. Langs hovudstignettet i

verneområda er det difor einskilde strekningar som har stor slitasje på vegetasjon i form av trakkskader og einskilde stader er det erosjonsskader. Stigar med høg ferdselsintensitet har som oftast størst slitasje, utan at vegetasjonen treng å vera spesielt sårbar. Di høgare ein er over havet di mindre slitesterkt er vegetasjonen. Mykje nedbør vil òg spele ein vesentleg grad. Hellingsgrad, topografi og nedbørsmengder vil ha mykje å seie for kor mykje vatnet eroderer på stigar med bortslitt vegetasjon.

Mykje brukte stigar i dei vestlege delane av Reinheimen med store nedbørsmengder er spesielt utsett for erosjon. Området ved Trollstigen har store besøksmengder og er startpunkt for fleire turar på begge sider av dalen. Sidan verneområda i Reinheimen vart oppretta, har det vorte gjennomført fleire tiltak ved Trollstigen opp til alpin sone for å kanalisere ferdsla og ivareta landskapet. Kløvstigen går opp til Trollstigen frå Isterdalen og er utbetra i fleire ledd for å ivareta sikkerheit, kanalisere og legge opp til at besøkande får gode opplevingar. Det same gjeld stig frå Trollstigplatået og opp til Bispevatnet og starten av stigen til Stabbeskaret.

Ein ynskjer i utgangspunktet ikkje omfattande tilrettelegging for friluftslivet i Reinheimen nasjonalpark, jf. Forvaltningsplanen s. 41 og 42.

2.2 Kulturminne

Reinheimen er svært rikt på kulturminne, og det er stor variasjon i typar og tid. Kulturminne har ein verdi både ut ifrå alder, kulturhistorie og som arkitektonisk objekt. Kulturminne er kjelde til kunnskap om tidlegare bruk, og kan vera identitetsskapande både nasjonalt og lokalt. For folk som besøker verneområda vil opplevingsverdien av kulturminnet vere mest sentral, og vekke undring og ettertanke. Dette kan forsterkast gjennom god formidling. I mange tilfelle vil kulturminne vera knytt til naturverdiar, og i verneforskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområda i Reinheimen er det å ta vare på kulturminne ein del av verneformåla.

Ein kan dele dei faste kulturminna i Reinheimen inn i fire hovudkategoriar:

- Kulturminne knytt til jakt- og fangstkulturen, spesielt reinsfangsten
- Kulturminne knytt til fonnefunn
- Kulturminne knytt til ferdsla mellom bygdene
- Kulturminne knytt til landbruket sin arealbruk seter/stølsdrift/beiting


Reinheimen er spesielt rik på kulturminne etter den gamle villreinfangsten, med fangstgroper, massefangstanlegg, bogestelle og restar av gamle buplassar til fangstfolka. Det pågår i 2018 eit arbeid på gjennomgang, innlegging og oppdatering av kulturminne i Reinheimen i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden. Arbeidet er eit samarbeid mellom Nasjonalparkstyret for Reinheimen, Møre- og Romsdal fylkeskommune og Oppland fylkeskommune. Arbeidet vil halde fram i 2019 og omfattar, i tillegg til kartlegging og oppdatering av eksisterande kulturminne, sårbarheitsvurdering av utvalde kulturminne med forslag til tiltak, spesielt med omsyn på ferdsel. Arbeidet blir eit lyft for forvaltning av verneområda i Reinheimen og i arbeidet med besøksstrategi.

Tabell 2 og Figur 3 viser oversikt over registrerte og digitaliserte faste kulturminne i verneområda i Reinheimen fordelt på ulike typar. Området i vest innanfor Oppland fylke har

fleire registrerte kulturminne enn det kartet syner per i dag. Det er totalt 755 registrerte og digitaliserte faste kulturminne i verneområda i Reinheimen. Nokre av desse er rekna dobbelt i oversikten fordi dei ligg innanfor to verneområde. Kulturminna er kartfesta som ei samla flate per lokalitet eller fleire flater per lokalitet (MR Fylkeskommune, pers.medd.). Ved store fangstanlegg der gravene eller bogestillingane har stor avstand frå kvarandre, er dette oppdelt i fleire flater sjølv om det i realiteten utgjør eitt og same anlegg. Tabellen må såleis tolkast som tal på lokalitetsflater og ikkje tal på lokalitetar.

Tabell 2. Oversikt over registrerte og digitaliserte kulturminne i verneområda i Reinheimen fordelt på type og verneområde. Tilsendt frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Verneområde	Areal (daa)	AUT	STAT	REG	UAV	IKKE	SUM
Reinheimen nasjonalpark	1974610	271	0	0	151	9	431
Brettingsmoen naturreservat	5747	0	0	0	0	0	0
Finndalen landskapsvernområde	34573	11	0	0	6	0	17
Ottadalen landskapsvernområde	224057	7	3	0	2	2	14
Lordalen landskapsvernområde	21447	8	0	0	3	0	11
Trollstigen landskapsvernområde	146446	167	0	0	16	0	183
Romsdalen landskapsvernområde	136333	23	0	3	12	0	38
Tafjorden - Reindalen landskapsvernområde	74148	53	0	0	12	0	65



Figur 3. Registrerte kulturminne i verneområda i Reinheimen. Raudt punkt AUT = automatisk freda, oransje punkt STAT = statleg listeført (verneplanar), gult punkt REG = regional verdi (regional delplan MR), grått punkt UAV = uavklart vernestatus og kvitt punkt IKKJE = ikkje freda. Tilsendt frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Kjelde: kulturminnebasen Askeladden 2018, under ajouføring.

Det ligg føre fleire rapportar som dokumenterer kulturminne i Reinheimen:

- Universitetsmuseet i Bergen, 2017. Krynkelen, Arkeologiske sikringsundersøkelser av fonn og fangstanlegg. Rapport nr.2 - 2017.
- Norsk institutt for naturforskning (NINA), 2013. Reinheimen Nyregistreringar av fangstminne 2010-2011 NINA rapport 784
- Finstad, E. og Skauen I. 2003: *"Innspill til konsekvensutredning. Reinheimen nasjonalpark med landskapsvernområder for Ottadalen, Finndalen og Lordalen, og Torsnos biotopvernområde. Kulturminner og kulturmiljøer Lesja, Vågå, Lom og Skjåk i Oppland"*.

NINA har seinare nyregistrert og gjennomgått fleire av Øystein Mølmen sine registreringar av fangstanlegg og kulturminne i Reinheimen, samt Per Dagsgard sine registreringar i Skjåk og andre privatpersonar sine registreringar av fangstminne. Mange av dei større fangstanlegga i Reinheimen er allereie inn i Askeladden. I tilknytning til fangstmiljøa er tufter/buplassområde ikkje tilstrekkeleg kartlagt. Mølmen sitt materiale er omfattande og ikkje gjennomgått i felt, og må kontrollmålast i felt for tilstrekkeleg nøyaktigheit for innlegging i Askeladden.

Det er behov for ein oversikt over alle bygningar (setermiljø, naust, fiskebuer og steinbuer). Oppland Fylkeskommune anbefalar ei oppdatering av SEFRAK-registreringane, samle oversikt over tal bygningar, kva typar som er verna, tilstand samt vurdering av verneverdi.

Hausten 2014 kom eit unikt funn for dagen i Reinheimen nasjonalpark da arkeologar i det brearkeologiske sikringsprogrammet i Oppland fann ei ski. Skia vart datert til å vera 1300 år gamal, frå mellom steinalder og mellomalder og er den einaste komplette skia som er funne med bindinga godt bevart. Skia var 170 cm lang og 15 cm brei og kan såleis relaterast nært til dagens ski for laus og djup sjog. Under villreinjakta 2017 vart det gjort eit sensasjonelt funn på 1640 meters høgde i Reinheimen nasjonalpark, eit 1100 år gammalt vikingsverd, datert frå 800 til tidleg 900-tal.

I samband med besøksstrategi er det aktuelt å peike ut og gjere ei sårbarheitsvurdering av kulturminne som kan vera aktuelle i formidlingssamanheng. Valet må gjerast i samarbeid mellom forvaltarar og kulturminnemynde. Publisering av kulturminne som ei oppleving for besøkande må gjerast varsamt slik at ein ikkje risikerer at kulturminne blir skadd eller øydelagt som følgje av at lokaliteten er gjort kjent.

2.3 Brukarinteresser

Brukarinteresser står sterkt i Reinheimen. Områda har vorte brukt av lokale brukarar gjennom lang tid og er viktige område for næringa i dag. Oversikta nedanfor (Tabell 3) gjev eit bilete på omfanget av beitedyr i ulike delar av Reinheimen. Spesielt er aktiviteten stor i Finndalen og Lordalen, med både storfe, sau, geit og hest. I Finndalen har det vorte satsa på seterbesøk med servering mm. Slike idear kan vera aktuelt òg i framtida. I dei andre områda er det fyrst og fremst sau som blir sleppt på utmarksbeite. Generelt er beitet av storfe og geit for lite. Brukarinteressene er viktige for Reinheimen. Beitedyr held kulturlandskapet i hevd og er med på å ivareta verneverdiane. Skjøtselstiltak for å ivareta kulturlandskapet er viktig òg i besøkssamanheng. Det blir i 2018 og 2019 utarbeidd skjøtelsplanar for heilskaplege kulturlandskap i Reinheimen med forslag på tiltak for å ivareta og lyfte verdiane. Det blir vist til arbeidet med skjøtelsplanar for utdjupande kunnskap på kulturlandskap, brukarinteressene, skjøtsel. Skjøtselstiltak er viktige for ivaretaking av verneverdiane og for opplevinga av beitedalane.

Brukarinteressene er viktige i samband med besøksstrategi. Besøk i verneområda i Reinheimen skal ikkje vera til hinder for beitenæringa. I beiteområde der det er potensiale for auka besøk og verdiskaping, må dette avklarast med brukarinteressene. I dag ser ein at det kan vera utfordringar mellom beitedyr og besøk. Spesielt er det mykje beitedyr i Finndalen, ein populær dal for besøk i sommarhalvåret. Godt samarbeid med brukarinteressene er avgjerande for å optimalisere forholda både for beitedyr og besøkande. Tilrettelagte besøkspunkt, som på Odden, vil vera med å kanalisere besøket. God informasjon til besøkande om korleis ein skal ty seg i møte med beitedyr vil førebygge at uheldige situasjonar i møte med beitedyr oppstår. Informasjon om bandtvang må lyftast for å forebygge uheldige situasjonar.

Tabell 3. Oversikt over tal på beitedyr fordelt på type dyr, kommune og verneområde. Ca. tal. Tal for 2017 og 2018. Kjelder: tilsendt frå kommunane samt frå <https://kilden.nibio.no>.

Kommune	Verneområde	Beitedyr	Storfe	Sau + lam	Geit	Hest	Sum
	Reinheimen NP						10865
Skjåk	<i>Skjåk beite- og sankelag</i>	263	2449	5	0		
Vågå	<i>Skårvangen beitelag</i>	41	1985	0	0		
Lesja	<i>Lesjaskog beitelag, Asbjørnsdalen</i>	92	610	0	0		
	<i>Vestsida beitelag, Slådalen-Lora</i>	170	3250	0	0		
Rauma	<i>Ulvådalen</i>	0	2000	0	0		
	Ottadalen LVO						4126
Skjåk	<i>Skjåk beite- og sankelag</i>	149	1438	0	0		
Lom	<i>Lia beitelag</i>	100	1090	0	7		
Vågå	<i>Nordherad beitelag</i>	141	1201	0	0		
	Finndalen LVO						1881
Skjåk	<i>Skjåk beite- og sankelag</i>	417	1399	52	13		
	Lordalen LVO						3260
Lesja	<i>Lordalen beitelag</i>	160	3100	0	0		
	Romsdalen LVO						805
Rauma	<i>Fremre Brøste</i>	0	240	0	0		
	<i>Vermedalen</i>	0	565	0	0		
	Trollstigen LVO/ Reinheimen NP						537
Norddal	<i>Øvstestølen, Slettvikane</i>	0	247	0	0		
	<i>Grønningsætra</i>	0	290	0	0		
	Tafjorden-Reindalen LVO						347
Norddal	<i>Fjørå</i>	0	347	0	0		
	Tafjorden-Reindalen LVO /Reinheimen NP						535
Norddal	<i>Holsætra</i>	0	535	0	0		
SUM			1533	20746	57	20	22356

2.4 Reiseliv i og rundt Reinheimen

Reiselivet i og rundt Reinheimen er mangfaldig. Spesielt i vest er reiselivet utbreidd med store attraksjonar som Trollstigen og Trollveggen. Nasjonal Turistveg Trollstigen-Geiranger er den største attraksjonen i Reinheimen med eit enormt besøkstal, opp mot ein million kvar sommarsesong. Med utbygde vegar i hovuddalføra og sommaropne vegar på fjelloverganger i aust og vest, er dei ytre delane av Reinheimen lett tilgjengelege. For å koma midt inn i området krev derimot ein dagsmarsj.

Oppbygging av reiselivet

Reinheimen strekkjer seg over to fylke, med fire kommunar i Oppland og to i Møre og Romsdal. Tilbydarane innan reiseliv fordeler seg både geografisk og på ulike administrative nivå. Det finns ingen overbyggane paraplyorganisasjon som samlar Reinheimen i ei felles målretta marknadsføring, men fleire destinasjonsselskap dekkjer ulike delar av området. I aust dekkjer Nasjonalparkriket kommunane Lesja, Vågå, Lom og Skjåk. Fokuset i marknadsføringa ligg på aktivitetar som jakt, fiske, hytter, fotturar, overnatting og servering. I vest er Visit Nordvest og Destinasjon Ålesund og Sunnmøre sentrale, og marknadsføringa har stort fokus på Trollstigen og Trollveggen, men også turar med utgangspunkt frå Trollstigen.

På nasjonal- fylkes- og kommunenivå finns det ulike planar og strategiar knytt til forvaltning og reiseliv. Regjeringa sin nasjonele reiselivsstrategi trekkjer fram nasjonalparkar og andre verneområde som område med stor opplevingsverdi og av betydning som store attraksjonar i reiselivssamanheng. Nasjonalparkkommunar blir nemnd. Kommunane i Reinheimen er alle nasjonalparkkommunar, men har i ulik grad fokus på nasjonalpark(ar) i sine planar og strategiar. Lom er i tillegg nasjonalparklandsby, som ein av fem i landet. Rauma har sterkt fokus på reiseliv, men lite fokus på Reinheimen.

Er «Reinheimen» brukt i marknadsføringa til reiselivet?

Det er stor skilnad på om og korleis merket «Reinheimen nasjonalpark» blir brukt av tilbydarar og destinasjonsselskap i deira marknadsføring. Nasjonalparkstatusen blir i størst grad brukt av reiselivet på «Opplandssida». I vest er bruk av «nasjonalpark» i marknadsføringa til reiselivet minimal, til tross for at reiselivet her er størst. Truleg «druknar» Reinheimen blant kjente namn som Trollstigen og Trollveggen. Det same gjeld Tafjordfjella, nordvest i Reinheimen, som er eit etablert namn og kjent for hytte- og løypenettverket til ÅST. Sett trafikkmengda av besøkande til områda er det eit potensiale for reiselivet å i større grad spele på nasjonalparkstatusen for å trekkje til seg fleire besøkande, for at besøkande skal forlenge opphaldet og for å gje opplevinga ein ekstra verdi.

Reinheimen som ressurs for næringsutvikling

Tilbydarane innan reiseliv i eller tilknytning til Reinheimen er mange og fordeler seg på tilboda overnatting, servering, guiding, aktivitet, jakt, fiske, hytteleie mm. Totalt er det kartlagt 51 overnattingsbedrifter og 22 aktivitetsbedrifter med tilknytning til Reinheimen. Største delen av overnattings- og serveringstilboda ligg langs hovudferdselsårene rundt Reinheimen. Reiselivet i Rauma har eit stort nettverk av guidar, der toppturar med eller utan klatring til kjente toppar aust og vest for Trollstigen er populært. Berre nokre få av aktivitetsaktørane nyttar Reinheimen i si marknadsføring. Innanfor verneområda har Ålesund-Sunnmøre Turistforening (ÅST) eit etablert løype- og hyttenettverk i dei nordvestlege delane av

Reinheimen og mot Skjåk. ÅST har åtte hytter med ulik betjeningsgrad i eller knytt til Reinheimen og 446 km merka sommarstig og 58 km merka vinterløyper. Reindalseter og Pyttbua er mest besøkt, med ca. 2 600 og 2 200 overnattingar i 2017. Tal på overnattingar har auka over tid. Vakkerstøylen har auka besøk vinterstid. Vêret påverkar besøkstala. Besøket har auka noko dei siste åra, men framleis og i framtida vil Reinheimen vera eit område der ein kan oppleve stillheit og ro i storslått natur.

Jakt og fiske har sterke tradisjonar i Reinheimen og står framleis sterkt. Utmarksressursane blir forvalta av ulike rettighetshavarar i området og gjev stor lokal verdiskaping. Totalt utgjer verdiskaping i selde jakt- og fiskekort opp mot 3 millionar kroner. Spesielt er villreinjakta stor, ikkje berre for rettighetshavarane, men òg for lokalsamfunna generelt. I 2017 var det 675 villreinløyver i Reinheimen. I dei austlege delane av Reinheimen er truleg besøket størst i villreinjakta (20. august til og med 14. september). Fleire tilbyr òg leie av hytter, der bruken stort sett er i samband med jakt og fiske. Omfanget av utleia er liten, og veret spelar inn. Jakt, fiske og hytteutleige blir hovudsakleg marknadsført gjennom portalen Inatur.no samt via heimesidene til rettighetshavarane. Reinheimen nasjonalpark blir aktivt nytta i marknadsføringa av tilboda blant rettighetshavarar i aust, der Skjåk Almenning, Lesja Fjellstyre og Finndalen fjellstyre har flest tilbod.

Formidling av Reinheimen

Reinheimen blir formidla gjennom ulike kanalar. Norsk Fjellsenter i Lom er autorisert besøkssenter nasjonalpark og hadde i 2017 33 500 besøkande. Norsk Tindesenter på Åndalsnes har fokus på tindesport og hadde over 100 000 besøkande gjennom døra mai-desember 2017.

I den digitale verda er informasjonen mangfaldig. Søk på «Reinheimen national park» gjev ca. 30 000 treff i Google, medan Trollstigen gjev 1 100 000 treff (12.2017).

Informasjon om turar og aktivitetar i og rundt Reinheimen ligg i ulike portalar, både digitalt og i papirformat. Turportalar er med på å generere trafikk til Reinheimen. Det er viktig at turane som blir presentert er i tråd med besøksstrategien og kvalitetssikra av forvaltninga. Prioriterte turar skal tole trafikk, ha informasjon av høg kvalitet og gje gode opplevingar. Innhald i eksisterande turportalar må nyttast i vidare arbeid med besøksstrategi. Eit betre samarbeid med ansvarlege for dei ulike portalane er naudsynt for å lyfte fram prioriterte turar og skjerme turar der auka trafikk ikkje er ynskjeleg.

Besøksmengd i og rundt Reinheimen

Trafikken langs hovudferdselsårene rundt Reinheimen er størst i sommarmånadene. Trafikkregistreringsstasjonar til Statens Vegvesen viser at EV136 i Romsdalen har opp mot 4 000 passerande køyretøy per døgn i juli måned. RV15 vest for Lom har 4 500 passeringar. Nasjonal turistveg Geiranger-Trollstigen er ope i sommarsesongen og er ein stor attraksjon. FV63 ved Trollstigen har opp mot 1 400 passerande køyretøy i døgnet i juni, juli og august, med topp i juli med opp mot 2 000 døgnpasseringar. Bomvegane i dalane i verneområda til Reinheimen gjev eit bilete av kor mange som køyrer inn i landskapsvernområda og besøkjer desse, der ein del tek turen vidare til nasjonalparken. Finndalen, Lordalen, Brøste-Tunga, Slådalsvegen hadde i 2017 ca. 1 000, 1 400, 1 700 og 13 000 betalande. NSB Raumabanen hadde 120 000 reisande i 2017, der halvparten er konsentrert til sommarperioden mai til august. Nasjonal turistveg Geiranger-Trollstigen hadde i sesongen 2017 totalt ca. 300 000 gjestedøgn, med ca. 50-50 fordeling mellom utlendingar og nordmenn, og der tyskarar er

største gruppa blant utlendingar (11%). Lom hadde 200 000 gjestedøgn i 2017 der 72% er nordmenn, 10% svenskar, 4% tyskarar og 3% nederlendarar. Bjorli i Lesja er eit godt utbygd hytteområde med nærare 2 000 hytter og der hyttefolk er ei viktig brukargruppe til denne delen av Reinheimen og viktig for lokal verdiskaping.

Den besøkande i og rundt Reinheimen

Reinheimen har ulik funksjon som attraksjon. For dei aller fleste er det naturen som er grunnlaget for besøket i Reinheimen, der ulike besøksgrupper har ulike formål med besøket. Besøkande til Reinheimen er:

- dei som vil oppleve fred og ro og gå fleire dagar for seg sjølv med fiskestonga utan å sjå andre menneske.
- turisten som kjem med cruiseskip til Åndalsnes og tek bussen til Trollveggen, Trollstigen, eller ein tur med Raumabanen.
- bilturisten som får ei oppleving av området frå vegen.
- barnefamilien som er på Reindalseter fleire dagar.
- jegeren som har villreinjakt som årets høgdepunkt.
- lokale innbyggjarar som brukar området i kvardagen.
- gruppa på guida topptur til Store Trolltinden eller Mannen, eller som klatrar opp på Bispen.
- hyttefolk som tek dagsturar sommar som vinter i området med utgangspunkt frå hytta.
- dei som går frå hytte til hytte, anten til fots eller på ski, på merka eller umerka stigar.
- brukarane som har seter i dalføra og som aktivt nyttar naturgrunnlaget i si næring.

Resultata frå brukarundersøkinga gjennomført i Reinheimen sommaren 2011 understrekar at som reiselivsattraksjon må Reinheimen og nasjonalparkstatusen gjerast meir kjent. Nasjonalparkstatusen er viktigare for utanlandske besøkande enn norske besøkande (viktig/svært viktig for 74% mot 31%). Mange som svarte på undersøkinga var ikkje klar over nasjonalparkstatusen til Reinheimen før dei kom til området. Brukarundersøkinga dokumenterte mykje tilfeldig besøk og dagsturar og eit tydeleg behov for informasjon ved dei innfallsportane i Reinheimen som ligg nær Trollstigen og rv 15.

Reiselivsundersøking

Våren 2018 vart det gjennomført ei reiselivsundersøking sendt til 73 overnattings-, serverings- og aktivitetsbedrifter med tilknytning til Reinheimen. Målet med undersøkinga var å stifte kontakt med bedrifter, synleggjere Reinheimen og besøksstrategiarbeidet og få attendemelding frå bedriftene på kunnskapsbehov, marknadsføring samt interesse for framtidige dialogmøte. Det kom svar frå 43 bedrifter. Blant guidebedriftene, 14 i talet, nyttar 64% Reinheimen nasjonalpark, 50% Trollstigen LVO, 50 % Romsdalen LVO, 43% randområda, 21% Tafjorden-Reindalen LVO, 14% Lordalen LVO, 7% Finndalen LVO og 0% Ottadalen LVO. Type aktivitetar fordelar seg på topptur (67%), klatring (47%), fjelltur (87%), skitur (73%), truger (33%), tematurar (33%), sykkel (20%). Blant overnattingsbedriftene, 32 i talet, tilbyr største delen (60%) overnatting i hytter. Sommarsesongen er størst, men bedriftene tilbyr overnatting heile året. Blant alle bedriftene som svarte, formidlar 74% kunnskap og informasjon om Reinheimen til sine gjestar. Turforslag blir mest formidla, vidare kva å oppleve, naturverdiar, landskap, kulturminne, historie. På spørsmål om besøkande spør etter Reinheimen nasjonalpark, svarer 76% nei. Kunnskap om Reinheimen varierer blant bedriftene, der mange kan mykje og andre nesten ingenting. 76% kan tenkje seg å vera med på ei samling for å auke kunnskapen om Reinheimen. 31% av bedriftene brukar Reinheimen nasjonalpark i si marknadsføring. Nesten 60% ser potensiale i å spele på

nærleik til Reinheimen nasjonalpark i si marknadsføring i framtida. 93% ynskjer informasjonsmaterieil om Reinheimen som ein ressurs til besøkande og til marknadsføring, både digital informasjon, app og brosjyrer.

Ferdselsteljar

Ein ferdselsteljar vart sett ut på Kløvstigen (midtre del av stigen) i Trollstigen landskapsvernområde i perioden 15. mai til 15. oktober 2018. Plasseringa av teljar tok sikte på å fange opp besøkande som anten starta turen heilt nede i Isterdalen eller frå parkering ved vegbommen til Trollstigen. Total trafikk for perioden var 2 652 passeringar. Gjennomsnittleg passeringar per dag var 25, med 22 på vekedagar og 30 på helgedagar. Søndag var travlaste dag i veka. I analysert periode hadde måndag 18. juni flest passeringar med 83, laurdag 11. august nr. 2 med 73 og laurdag 14. juli nr. 3 med 61 passeringar. Av passeringane var 59% inn og 41% ut, som viser at trafikken gjekk baa vegar.

Fullstendig reiselivskartlegging for Reinheimen finn du [her](#).

2.5 Samanstilling kunnskap

Kunnskapsgrunnlaget for besøksstrategi for Reinheimen synleggjer moglegheiter og utfordringar. Kunnskapen stadfestar at villrein i mindre grad enn tidlegare nyttar leveområda vest i Reinheimen. Det kan ikkje seiast med sikkerheit om ferdsla i vest påverkar villrein i Reinheimen sin områdebruk, men forskning tilseier at ferdsel kan ha negative verknader på villrein sin områdebruk. Med framtidig endra klima, vil ivaretaking av heile leveområde til villrein bli desto viktigare. Besøksstrategien er ein gyllen moglegheit til å ligge i forkant og gjera grep for ivaretaking av villrein og leveområde.

For å legge til rette for verdiskaping og gode opplevingar samstundes som at naturverdiane skal ivaretakast, er det «vinn-vinn» å fokusere på aktivitet i randområda til Reinheimen og rundreise rundt Reinheimen. Opplevinga av Reinheimen skal skje utanfor nasjonalparken på godt tilrettelagte innfallsportar og turar med utgangspunkt i hovudferdselsårene, medan nasjonalparken skal ha låg tilrettelegging. Områda i vest med merka DNT-stigar og hytter bør ikkje lyftast fram aktivt for ei framtidig stor besøksauke med omsyn på villrein.

Trafikken langs hovudferdselsårene rundt Reinheimen er stor, og det er eit stort potensiale å fange opp fleire forbifarande og få besøkande til å forlenge opphaldet sitt i området. Gode innfallsportar og formidling av Reinheimen, attraksjonar, tilbod mm. vil bidra til å nå måla med besøksforvaltninga. Det ligg store moglegheiter i bruk av digitale kommunikasjonskanalar. Ei digital samleside med informasjon som speglar besøksstrategien vil vera eit viktig bidrag for å få besøksforvaltninga ut i livet. Styrka samarbeid om informasjon og kvalitetssikring av turar vil styrke besøksforvaltninga. Det må arbeidast for synleggjering av verneområda og moglegheitene næringa har, som skal ha positive synergieffektar for ivaretaking av området og verneverdiane.

Merkevara «Norges nasjonalparker» seier velkomen inn. Kunnskapsgrunnlaget tilseier at for Reinheimen må vi ynskje velkomen til område langs hovudferdselsårene for at verneverdiar, med villrein og leveområde i spissen skal ivaretakast.

3 MÅL

Overordna mål. Besøksforvaltninga skal sikre og ivareta verneverdiane, gje besøkande gode opplevingar, bidra til lokal verdiskaping og auke forståinga for vernet (Figur 4). Dersom det er motsetningar mellom målsettingane, skal ivaretaking av verneverdiane tilleggast størst vekt.



Figur 4.
Balanse mellom naturverdier – lokal verdiskaping – besøkande – brukarinteresser.

Mål for besøksforvaltning i Reinheimen.

- Reinheimen nasjonalpark skal behalde sitt særpreg som eit urørt område med lite besøk. Bruken av verneområda i Reinheimen skal skje etter same mønster som tidlegare, der næringsaktivitetar som seterdrift, beite, jakt og fiske har sin plass saman med enkle friluftaktivitetar som ikkje krev vesentleg tilrettelegging eller set spor.
- Sentrale delar av Reinheimen nasjonalpark med merka stigar og hytter i villreinområdet skal skjermast mot ei stor framtidig besøksauke med omsyn til villrein.
- Hovudtyngda av besøkande skal kanaliseras til hovudinnfallsportar utanfor og i randområda av nasjonalparken som toler auka besøk.
- Trollstigen har ca. 1 000 000 besøkande kvar sommarsesong og er besøkssone i Reinheimen. Informasjon om Reinheimen nasjonalpark skal utbetrast på Trollstigen for å synleggjere nasjonalparkstatusen for den store mengda besøkande og kople oppleving av Trollstigen med oppleving av nasjonalparken.
- Besøksstrategien har som mål å auke den breie verdiskapinga, som omfattar økonomisk, kulturell, sosial og miljømessig verdiskaping.
- Verdiskapinga skal skje med utgangspunkt i strategisk plasserte hovudinnfallsportar knytt til eksisterande tenester og infrastruktur rundt området.
- Informasjonen på alle typar av innfallsportar skal ha høg kvalitet på innhald og utforming der designmanualen i merkevara «Norges nasjonalparker» skal brukast.
- Digital besøksside for Reinheimen skal spegle besøksstrategien og bidra til å kanalisere mengda av besøkande til hovudinnfallsportar. Besøkssida skal vera nasjonalparkforvaltninga sin kunnskaps- og infobrønn retta mot besøkande og eit verkøy i samarbeid om besøksforvaltning med aktuelle aktørar.
- Informasjonen som blir formidla til besøkande på informasjonssenter og av reiselivet skal samordnast for å vera i tråd med ynskt besøksforvaltning.

4 STRATEGISKE GREP

4.1 Overordna strategi

«Reinheimen er attraksjonen – verdiskapinga skjer utanfor»

For å bidra til lokal verdiskaping samstundes som at verneverdiane skal ivaretakast, er det eit strategisk hovudgrep at aktiviteten, opplevingane og tilrettelegginga skjer utanfor Reinheimen. Tiltak leggast til utanfor verneområda for å auke moglegheitene for brei verdiskaping, inkludert økonomisk verdiskaping for lokale næringsverksemdar. Det er utanfor området bedriftene held til og potensialet for vekst er størst.

Reinheimen nasjonalpark er attraksjonen som reiselivet skal dra fordel av ved å nytte i si marknadsføring. Merkevara Reinheimen nasjonalpark skal trekkje fleire besøkande til infrastrukturen rundt området, få fleire til å stoppe og få besøkande til å vera fleire dagar. Gjennom gode formidlingsopplegg og informasjonsmateriell hjå lokale bedrifter, skal besøkande få ei oppleving av Reinheimen utan å ha vore innanfor verneområda.

Reinheimen omfattar Reinheimen nasjonalpark, fem landskapsvernområde og eitt naturreservat. Det vil vera meir trafikk i landskapsvernområda enn i nasjonalparken. Romsdalen landskapsvernområde med E136 og Trollstigen landskapsvernområde med Fv63 har stor biltrafikk. For desse landskapsvernområda med tung infrastruktur er det naturleg at ein legg opp til besøk og verdiskaping også innanfor verneområda og ikkje berre utanfor som strategien over seier.

4.2 Innfallsportar

For Reinheimen er det i dag eit mangfald av informasjonspunkt i og rundt området. Rapporten «Fysisk informasjon i Reinheimen» utarbeida av SNO Reinheimen i 2015 dokumenterer 18 informasjonspunkt; plakatar, kartplakatar på ÅST sine hytter, 32 mindre informasjonstavler om spesielle tema, 7 mindre skilt om ferdselsreglar, 6 bronseplakettar og 100 verneområdeskilt. Ei ny vurdering av innfallsportar er gjort i samband med besøksstrategiarbeidet, sjå Tabell 6 i kap. 6 *Tiltaksplan* for detaljar.

Miljødirektoratet sin vegleiar «Innfallsporter» (M-417|2015) definerer innfallsport som «*summen av utendørs tilrettelegging som møter og kanaliserer besøkende fram til en opplevelse av hele eller deler av verneområdet*». Betydinga av innfallsporten for besøkande er omtalt i same vegleiar (s.12). Fleire av dei som har nasjonalpark som reisemål og som besøker innfallsportane nøyer seg med å sjå inn i området eller rusle ein tur i nærområdet. Tilrettelegging for gode opplevingar ved ein innfallsport er såleis viktig. Eit besøk til ein innfallsport skal gje ei totaloppleving av å vera ynskt velkomen, gje påfyll av spennande kunnskap og historier, samt ein «smak av villmark» uavhengig av ferdigheitsnivå.

Med overordna strategi «Reinheimen er attraksjonen - verdiskapinga skjer utanfor», er gode informasjonspunkt strategisk plassert ein nøkkelfaktor. Nasjonalparkstyret for Reinheimen ynskjer å synleggjere Reinheimen i større grad enn i dag, der besøkande er. God informasjon skal bidra til ei god oppleving for besøkande. Strategisk plassert informasjon vil òg vera eit bidrag til næringa som kan spele på dette i si næring, t.d. på opplegg med sine gjestar.

Figur 5 (kart) og Tabell 4 (oversikt) syner fysisk informasjon på ulike punkt for Reinheimen. For Reinheimen ynskjer ein med besøksforvaltninga å kategorisere ulike informasjonspunkt. Hovudpunkta er knytt til tettstader, eksisterande infrastruktur og tenester. Sjølve informasjonen på desse punkta treng nødvendigvis ikkje vera av større omfang enn informasjonspunkt inne i ein fjelldal. Skilnaden inneber kva andre tilbod som er rundt informasjonspunktet, ynskje om kanaliseringeffekt samt potensialet for verdiskaping.

Hovudinnfallsportane skal:

- vera av såpass høg kvalitet at innfallsporten i seg sjølv er ei oppleving.
- ha eit vertskap som kan informere besøkande.
- vera utgangspunkt for ulike typar opplevingar, som til dømes natur- og kulturformidling, gåturar, guida turar, gode måltid, rekreasjon mm.
- bidra til kanalisering av ferdsel. Opplevingar frå innfallsportane skal tole belastninga trafikken fører til, unngå sårbare område og legge opp til gode opplevingar.
- appellere til eit stort spekter av målgrupper; barn, ungdom, vaksne, pensjonistar, besøkande med funksjonsnedsetting, m.fl.

Nasjonalparkstyret vil basert på dette prioritere Norsk Tindesenter på Åndalsnes, Trollstigen, Valldal sentrum, Billingen i Skjåk, Norsk fjellsenter i Lom og Lesja (sentrum og bygdemuseet) som hovudinnfallsportar. Besøkstrykket og ei potensiell stor besøksauke skal kanaliserast til desse innfallsportane. På brosjyrekart og trykte kart skal desse punkta synleggjerast som hovudinnfallsportar med kartsymbol, jf. designmanualen;

<https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/kart/veledning>

I tillegg kjem fleire etablerte og nokre nye punkt for Reinheimen der det er naturleg å nå ut med informasjon. Desse kan delast inn i to kategoriar;

- Enkelt informasjonspunkt:

punkt inne i verneområde eller som leier inn i området.

Fleire av desse, slik som Lordalen, Aursjoen og Tunga, leier inn i sårbare område og det er her spesielt viktig å informere og tydeleg formidle reglar for bandtvang, allemannsretten med plikter, kunnskap om villrein mm. Kommunikasjonen av besøksstrategien skal ikkje «lokke» tyngda av besøkande til desse punkta.

- Informasjonspunkt langs veg:


enkel informasjon strategisk plassert langs hovudferdselsårene med mykje trafikk.

Informasjonspunkt langs veg er prioritert spesielt på strekningar med stort besøk, slik som punkt langs Trollstigen mellom Åndalsnes og Valldal samt Trollveggen. I tillegg er Avdemsbue eit strategisk punkt med mykje besøk der potensialet for å nå ut til mange er stort. Andre punkt langs veg er Dønfoss i Skjåk og Fauttjønn på Slådalen.

I tillegg er det enkle informasjonsplakatar på DNT-hyttene i Reinheimen som er aktuelle å fornye. Digital informasjon og eventuelt enkle brosjyrar kan attpåtil distribuerast til interesserte reiselivsaktørar i tilknytning til Reinheimen. Potensialet for synleggjering av ynskt besøksforvaltning er med desse verkemidla stort.

Informasjonspunkta har ulike behov for tiltak. Nokre er velfungerande slik dei er i dag, andre er kome langt på ulike tiltak og andre må prosjekterast frå starten av. Felles er at alle skal ha ny informasjon i tråd med merkevarestrategien «Norges nasjonalparker».

Nasjonalparkstyret må prioritere ressursane med omsyn på oppgradering av informasjonspunkt, om punkt skal fjernast og om nye skal etablerast. Dette kjem fram av tiltaksplanen, kapittel 6, som skal rullerast årleg.



Figur 5. Innfallsporlar fordelt på ulike nivå avhengig av type punkt, besøksstrategi for Reinheimen.

Tabell 4. Oversikt over innfallsportar, delt inn i hovudpunkt, informasjonspunkt langs veg og startpunkt.

Punkt	Skildring
Hovudinnfallsportar	
Norsk Tindesenter Åndalsnes	Utstilling. Aktivitetstilbod. Informasjon. Kafé. Startpunkt for turar. Arbeider for å bli besøkscenter nasjonalpark. Heilårsope. http://tindesenteret.no/
Trollstigen	Anlegg til Nasjonale Turistveggar. Ca. 1 000 000 besøkande kvart år. Ny rekord sommaren 2019; 1 160 000, i følgje SVV. Behov for informasjon om Reinheimen for å synleggjere nasjonalparken. Prioriterte turar: Kløvstigen, Stabbeskaret, Bispevatnet, Mannen. Utfordring sprengt parkeringskapasitet. Overvake med omsyn på terrengslitasje.
Valldal sentrum	Informasjonssenter ved hamna. Prøveprosjekt 2018 og 2019. Tettstadutviklingsprosjekt i Valldal pågår 2019. Mål om heilårstilbod. Start for Valldalsleia (Pilegrimsleia).
Billingen	Innfallsport ved Billingen seterpensjonat. Vertskap i sesong med overnatting og servering. Utarbeidd landskapsplan, jf. forprosjekt 2015-2017 med m.a. tilrettelegging diktarstig, naturstig, brosjyre «bruene på Billingen». Overvake ferdsel med teljarar. Følgje opp med tilretteleggingstiltak stig. Skjerme turar lenger opp langs gjelet med omsyn på sårbare naturverdiar. Informasjonstiltak pågår.
Norsk fjellsenter Lom	Besøkscenter nasjonalpark. Utstilling. Informasjon. Heilårsope. https://www.norskfjellsenter.no/
Lesja	Informasjon i sentrum (nær trafikkert veg). Informasjon ved bygdemuseet. Kopling mellom sentrum og bygdemuseet for å synleggjere stadene. <u>Tusshheim</u> : Tur til utkikkspunkt med fokus på villrein og nasjonalpark. Kikkert mot Reinheimen. Nasjonalparkinformasjon. <u>Lesja bygdemuseum</u> : formidling av kultur, natur og tradisjon til ulike målgrupper. Potensial for utvikling av konsept knytt til Verket på Slådalen.
Informasjonspunkt langs veg	
Trollveggen	Besøkscenter Trollveggen ved E136. Kafé og butikk. Mange besøkande. Informasjonstavle.
Dønfoss	Utstilling og informasjon inne. Informasjon ute. Utvikle punkt.
Avdembue	Ligg strategisk til langs E136 der ein kan nå eit større tal besøkande med informasjon om Reinheimen.
Bjorli - YX	Mykje trafikk på Bjorli. Utfordrande kvar informasjon skal vera. Plakat på veggen ved YX (nær trafikkert veg) som er eit sentralt stoppunkt. Skjerme områda Asbjørnsdalen og Grøndalen Fokus på turmoglegheiter Rånåkollen. Sykkelturar grusveg.
Verket/Fauttjønn - Slådalen	Naturleg stoppestad ved eksisterande informasjonspunkt. Parkering for framtidig oppleving av fangstanlegget på Verket. Viktig med informasjon til besøkande som stoppar her uansett.
Vågåmo	Ingen punkt i dag. Enkel informasjonspakat på tavle utanom kommunehuset? I Nordherad og Finndalen er det fleire opplevingar som kan utviklast.
Isterdalen	Informasjonspunkt ved Trollstigen camping og gjestegård, rett ved Fv63. Stort besøk.

Slettvikane	Reguleringsplan vedteke i Norddal kommune i 2006. Byggeskisse 2018. Mål nr.1 å betre sanitære utfordringar. Per november 2019 er drift av toalett ikkje avklart. Slettvikane er eit punkt der besøkande skal oppleve meir ro enn hjå naboen Trollstigen. Besøkande skal få informasjon om Reinheimen nasjonalpark og samstundes sjå inn i området. Grunna sårbare naturverdiar er det ikkje ynskjeleg med auka ferdsel frå Slettvikane og innover Langfjelldalen. Merka stig vart også lagt ned her i si tid. Steinalderbuplassen i kort avstand frå Slettvikane kan vera ei oppleving å spele på. Fylkeskommunen må i tilfelle ta ei vurdering.
Enkel informasjon	
Zakariasdammen	Utgangspunkt for tur til Reindalseter og vidare inn i Reinheimen. Turen til Reindalseter går ikkje i sårbart område og er ein fin tur som kan synleggjerast.
Tunga	Etablert parkeringsplass med toalett og informasjon. Startpunkt for tur til Vakkerstøylen, Pyttbua mm. Ikkje ynskjeleg med stort auke i besøk på aksene Tunga-Pyttbua-Torsvatnet-Billingen med omsyn på villrein.
Aursjoen	Etablert parkeringsplass med toalett og informasjonstavle. Start for populær kulturstig. Kanalisering til kulturstigen vil ikkje påverke verneverdiane, men stor auka ferdsel vidare inn i Reinheimen frå Aursjoen er ikkje ynskjeleg.
Finndalen (Odden)	Opplevingsarena ved Finna med bålplass, bord og benkar, toalett. Familievenleg. På grunn av sterke brukarinteresser med mykje beitedyr i Finndalen, må besøksforvaltning avklarast nærare i dialog med brukarane. Vågåmo er valt som prioritert innfallsport fordi dette er heilårsoppe og har fleire tilbod å spele på. Informasjon om beitedyr og korleis ty seg i møte med desse er viktig ved Odden i Finndalen.
Lordalen	Etablert parkeringsplass med informasjonstavler, gapahuk ved Nysetra innerst i Lordalen. Naturleg stopp for bilturistar og for dei som vil gå tur. Ikkje ynskjeleg med auka besøk i dette området grunna villrein. Informasjon til dei som finn hit likevel naudsynt for å informere om sårbare naturverdiar, allemannsrett, bandtvang og om Reinheimen generelt.
Muldalsvika	Etablert parkeringsplass og informasjonstavle. Populær tur opp til Muldalen.
Nordherad	Etablert parkeringsplass og informasjon. Nettverk av stigar og turmoglegheiter i kulturlandskapet gjennom Nordheradprosjektet.
Rånå	Informasjonstavler ved parkering for turar sommar- og vinterstid. Tur i Lesja har òg tavler her.
Sjugurds garden	Informasjonstavler ved parkering dit veg er brøytt vinterstid. På sommarstid veg vidare inn Brøstdalen.
Lia	Informasjonstavler ved parkering Lia. Lokal bruk.

4.3 Kanalisering skal sikre verneverdiane

Kanalisering av ferdsel til innfallsportar som toler høgt besøkstrykk skal bidra til å oppnå fastsette mål i besøksstrategien. Omfang av ferdsel på merka stigar og hytter i Reinheimen nasjonalpark skal haldast på same nivå som i dag og skjermast mot ein stor framtidig besøksauke.

Kanaliseringa er meint for massen av besøkande som potensielt kan kome i framtida. Det vil alltid vera ferdsel i heile området, men det er massen av besøkande som er viktigast å styre.

Tilretteleggingstiltak skal skje i randområda av Reinheimen og samlast der det er eksisterande tilretteleggingstiltak, jf. forvaltningsplan for Reinheimen (2010) s. 41. Det blir ikkje lagt til rette for ferdsel som kan koma i konflikt med viktige viltområde, som parings- og hekkeområde for fugl og leveområde for villrein.

Villrein held hovudsakleg aust for fylkesgrensa i Reinheimen i dag, område prega av låg tilretteleggingsgrad og lite bruk av turistar. Aktørar som Skjåk Almanning, Lesja fjellstyre og Finndalen fjellstyre har utleiehytter her. Lokale brukarinteresser er svært viktig i området, og det er stor utfart i villreinjakta. Med omsyn på villrein skal besøk i desse områda haldast på eit lågt nivå som i dag. Spesifikt må Ottadalen LVO og Lordalen LVO skjermast mot auka besøk grunna sentrale vinter- og kalvingsområde for villrein. For Ottadalen LVO gjeld dette spesielt tilkomst frå Lia og Aursjoen vinterstid.

Villreinstamma sin bruk av områda vest for aksene mellom Billingen og Brøstdalen har vore fråverande sidan slutten av 1990-talet. Vest for aksene er det etablert merka stigar og hovudsakleg sjølvbetente hytter i regi av Ålesund-Sunnmøre Turistforening og DNT Oslo og Omegn (Torsbu). Det er usikkert om og i kva grad det er samheng mellom villrein sitt fråvær i vestlege område og ferdsel. Fordi ein ikkje har kunnskap til å konkludere, gjeld i forvaltninga føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova (§ 9). I dette tilfellet må forvaltninga vera føre-var og hindre tiltak som vil kunne verke negativt på villrein sin bruk av områda i vest, og i staden gjennomføre tiltak som vil skjerme villrein. Å kanalisere besøksmengda bort frå høg fjellsområda til innfallsportar langs hovudferdselsårene rundt Reinheimen og til ytterkanten av verneområda, er eit kanaliseringsgrep for å ivareta leveområda til villrein.

Ålesund-Sunnmøre Turistforening og DNT Oslo og Omegn si drift av hytter og rutenettverk er direkte heimla i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark, jf. forvaltningsplan for Reinheimen s.42. Forvaltningsplanen påpeikar at det ikkje blir opna for utviding av overnattingskapasiteten på hyttene eller bygging av nye hytter. Overnattingskapasiteten, definert som tal senger per hytte, set standarden for maksimal grense på tal besøkande. Besøkstalet har vore relativt stabilt dei siste 20 åra, med mellomårsvariasjonar, og kapasiteten tilseier plass til fleire overnattingar.

Med strategien å *halde besøkstalet i Reinheimen nasjonalpark på same nivå som i dag og skjerme merka stigar og hytter mot ei stor framtidig besøksauke*, meinast at besøkstalet skal vera innanfor ramma av overnattingskapasiteten på kvar enkelt hytte, definert i forvaltningsplanen.

Utvikling i ferdsel på aksene Billingen-Torsbu-Brøstdalen er spesielt viktig å følgje med i åra framover. Villreininteresser har tydeleg uttrykt eit ynskje om å skjerme dette området for auka ferdsel med omsyn på villrein. Villrein har brukt dette området tidvis dei siste åra, noko som er positivt. Ferdsel må haldast på eit lågt nivå for å gje villreinen ei «sjanse» til framtidig bruk av området.

Zakariasdammen og Tunga er sentrale utgangspunkt for turar inn i verneområda, med etablert toalett og parkering. For Tunga er det ynskjeleg at besøket blir kanalisert mot Vakkerstøylen og vidare vestover eller mot Pyttbua og vestover til Reindalseter. Valldalsleia, som er ei pilegrimsleid og satsingsprosjekt, går mellom Valldal, via Ulvådalen til Brøstdalen og Bjorli. Strekinga går hovudsakleg langs etablert rute- og hyttenettverk i vest. Marknadsføring av Valldalsleia av reiselivet framfor marknadsføring av turar austover mot Billingen, vil kunne bidra til kanalisering av ferdsel til områda i vest. Dialog mellom nasjonalparkforvaltning og reiselivet om innhaldet i marknadsføring er vesentleg i denne samanhengen.

Trollstigen skil seg ut frå resten av Reinheimen med besøk på fleire hundretusen i sommarmånadene og kan definerast som ei besøkssone i verneområda i Reinheimen. Anlegget til Nasjonale Turistvegar på Trollstigen er det mest besøkte av alle i heile landet. Trollstigen har tilrettelagte opplevingar som toler auka besøk. Besøket til Trollstigen skal kanalisert til besøksanlegget og tilrettelagte turar. Andre populære og meir krevjande turar skal marknadsførast som guida turar for å legge til rette for lokal verdiskaping. Samarbeid med reiseliv, kommunar og andre aktørar om kanalisering og informasjon i ulike kommunikasjonskanalar er viktig. Det er i dag (2019) i følgje Statens Vegvesen ei utfordring med parkeringskapasiteten på Trollstigen i høgsesongen. Det må forventast at trafikken ikkje blir mindre med åra på Trollstigen og løysingar må diskuterast. Potensielt kan satsing på Strupen som turutgangspunkt med langtidsparkering lette på trykket på hovudanlegget på Trollstigen.

Dialog med reiselivet om kva område og turar som blir vektlagt i deira marknadsføring er viktig. Det er i dag eit enormt informasjonsmateriale om turar tilgjengeleg for besøkande. Dialogen om kvalitetssikring av innhald og publisering av turar i ulike kanalar må betrast. Nasjonalparkforvaltninga skal, i dialog med ulike aktørar, utvikle informasjonsmateriell som speglar besøksstrategien med prioriterte innfallsportar og som kan brukast av informasjonssenter og reiselivet. Dialogen om informasjonsinnhald i ulike kanalar og informasjonstiltak er viktige ledd for å oppnå ynskt kanalisering.

4.4 Verdiskaping

Verdiskaping er eit mål med besøksstrategien og inneber ei brei verdiskaping; miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk og samspelet mellom desse. St. Meld. 18, 2015-2016 Friluftsliv omtalar brei verdiskaping med definisjonar frå P.I. Haukeland og B.A. Brandtzæg, Telemarkforskning. *Miljømessig verdiskaping* inneber å styrke kvalitetane og verdiane knytt til kulturminne, kulturlandskap og natur. *Kulturell verdiskaping* inneber auka kunnskap og bevisstgjerjing om lokal kultur- og naturarv, særpreg, tradisjonar mm. som gjev grunnlag for formidling og utvikling av identitet og stoltheit. *Sosial verdiskaping* inneber utvikling av felles forståing, engasjement, tillit og tilhøyrslle som oppstår gjennom samarbeid og samhandling. *Økonomisk verdiskaping* inneber auka lønnsamheit gjennom produksjon og sal av varer og auka sysselsetjing for lokalsamfunnet.

Besøksstrategien og tiltak forankra i strategien skal bidra til ei brei verdiskaping. Fokus på innfallsportar som er knytt til tettstader, med etablerte tenester og servicefunksjonar er eit grep for å auke verdiskapinga knytt til Reinheimen. Innfallsportar med vertskap som møter besøkande og kan gje informasjon om Reinheimen og opplevingar frå innfallsporten vil gje verdiskaping relatert til verneområda. I tillegg er god dialog med reiselivet og aktørar som tilbyr noko i området viktig i denne samanhengen.

Geografisk er Reinheimen eit område ein kan sjå inn i- og få ei oppleving av frå hovudferdselsårene rundt. For reiselivet ligg det moglegheiter i utvikling av konsept basert på rundreise rundt Reinheimen eller delar av strekninga. Det er i dag allereie etablerte strekningar rundt området som er mykje besøkt. Geiranger-Trollstigen er Nasjonal Turistveg og strekninga i landet med mest besøk. Reiselivet på Åndalsnes og Valldal har i dag ulike konsept knytt til strekninga, som t.d. bruk av el-sykkel. Her ligg det truleg potensiale for meir utvikling, med sykkel og i kombinasjon med andre aktivitetar og opplevingar.

Villreinløypa er eit prosjekt som pågår og som ser moglegheiter for verdiskaping basert på formidling av villrein langs strekninga Billingen-Dønfoss-Norsk fjellsenter-Slådalsvegen-Lesja bygdemusum-Villreinsenteret på Hjerkin. Store delar av strekninga går nær Reinheimen. Her er det potensiale for reiselivet. Formidling av verneverdiane med villrein og fangstkultur i førarsetet vil kunne gje besøkande gode opplevingar frå utsida av område, i tråd med hovudstrategien i besøksstrategien; at Reinheimen er attraksjonen og at verdiskapinga skjer utanfor.

I Skjåk er det planar om å etablere sykkelstil frå Geirangerkrysset til Dønfoss. Her kan reiselivet utvikle opplevingskonsept for verdiskaping og bruke innfallsportane Billingen og Dønfoss aktivt.


Langs Lesjadalføret er det tilrettelagt gang- og sykkelveg store delar av dalføret samt lokale vegar. Frå her er det stor sjanse for å kunne sjå villrein frå sykkelsetet. Vidare ned mot Romsdalen har det vore planar om sykkeltrasear.

Moglegheitene og potensialet for reiselivet i å utvikle ulike konsept på strekningar rundt Reinheimen med formidling av Reinheimen inkludert er til stades. Dersom reiselivet lykkast i å fange opp fleire av besøkande etter vegane rundt Reinheimen, vil det kunne gje auka brei verdiskaping.

Nasjonalparkstyret skal sørge for at innfallsportane rundt området har informasjon og tilrettelegging av høg kvalitet slik at reiselivet kan nytte seg av dette aktivt på sine turar med besøkande. Gode kart som viser heile området vil kunne skape nysgjerrigheit blant besøkande til å reise til vest når dei er i aust og omvendt. Informasjon om innfallsportar og guida opplevingar gjennom nettsida til Reinheimen vil synleggjera moglegheitene for besøkande, også før dei kjem til området.

4.5 Samarbeid om besøksforvaltning

Merkevara «Norges nasjonalparker» som ein raud tråd skal sikre høg kvalitet på informasjon til besøkande og bidra til gode opplevingar. Kunderesa startar når den besøkande finn informasjon på nettet og fortset via besøk i til dømes nasjonalparkkommunen med reiselivsaktørar og besøkscenter til startpunkt, utkikkspunkt eller informasjonspunkt ved nasjonalparken. Vegleiar for besøksforvaltning M-415|2015 skildrar ei kunderese med figuren nedanfor.



Målet med merkevara er å gjera alle aktørane meir tilgjengelege for besøkande, men ikkje minst legge til rette for at besøk hjå ein aktør fører til besøk hjå ein annan. Høg kvalitet i alle ledd hjå alle aktørar er avgjerande. Informasjon undervegs i kundereisa må lyftast fram. Merkevarerstrategien med visuell profil skal bidra til å sikre den nødvendige kvaliteten. Informasjon i ulike kanalar, både med omsyn på innhald og visuelt, skal vera universelt utforma for å legge til rette for at alle målgrupper kan besøke områda.

Besøkande ynskjer god informasjon og gode opplevingar og er ikkje opptekne av kven som er avsendar. Norges nasjonalparkar er ei merkevare. Fokus på kundereisa med felles informasjon og merkevare for reiseliv, kommune, nasjonalparkforvaltning med fleire gjev ein sømlaus overgang mellom områda i og utanfor verneområda der aktørane lyftar fram og synleggjer kvarandre. Samanheng i merkevare i ulike kommunikasjonskanalar som besøkande møter er vinn-vinn for alle aktørar. Merkevarerstrategien med designmanualen skal nyttast av nasjonalparkstyret med godkjent besøksstrategi, godkjente nasjonalparkkommunar etter nye kriteria samt godkjente besøkscenter.

Nasjonalparkstyret utarbeider informasjon om Reinheimen tilpassa ulike innfallsportar, målgrupper og kommunikasjonskanalar. Ulike informasjonsprodukt distribuerast som tilbod til ulike reiselivsaktørar. Høg kvalitet på informasjonsmateriell skal bidra til at besøkande får gode opplevingar og bidreg til lokal verdiskaping.

Samarbeid og kommunikasjon med ulike aktørar på tvers av grenser er dei tyngste suksessfaktorane for å lykkast med ynskt besøksforvaltning. Viktige samarbeidsaktørar er m.a. reiseliv, grunneigarar, rettighetshavarar, kommunar, informasjonssenter og besøkscenter.

Grunneigarar og brukarinteresser

God dialog med grunneigarar i verneområda er avgjerande for besøksstrategi for Reinheimen. Spesielt i landskapsvernområda i Reinheimen med stor aktivitet av brukarinteresser er avklaringar kring besøk aktuelt. Her veg ordet til brukarane tungt. Tilrettelegging for auka besøk må vera i samsvar med ynskt utvikling blant grunneigarar og brukarinteresser. I område med både beitedyr og besøkande er god informasjon om korleis besøkande skal ty seg i møte med beitedyr viktig, både med omsyn til beitedyr og opplevinga til besøkande.

(Nasjonalpark)kommunar

Med fokus på hovudinnfallsportar i bygdene og strategiske punkt med vertskap samt strategien «Reinheimen er attraksjonen og verdiskapinga skjer utanfor», seier vi at vi ynskjer å gje besøkande oppleving av Reinheimen frå områda utanfor. Desse områda har kommunen myndigheit over. Samarbeid med kommunane er ein suksessfaktor for å lykkast med strategien og for å få til ein sømlaus overgang mellom verneområda og områda utanfor. Nye kriteria for å oppnå status som nasjonalparkkommune har parallellar med mål i besøksstrategiarbeidet. Mellom anna skal nasjonalparkkommunane som aktør under merkevara vera med å innfri målsetjing om meir besøk, auka verdiskaping og betre vern. Nasjonalparkkommunane skal òg gjennomføre eller bidra til tiltak som styrkar kompetansen innan verdiskaping, besøksforvaltning, vern og vertskapsfunksjon i eiga kommune. For besøksforvaltninga er det vinn-vinn dersom alle kommunane i Reinheimen går inn for nasjonalparkkommunestatusen etter dei nye kriteria. Det vil gje eit meir forplikta samarbeid om merkevare og fokus på nasjonalpark i områda utanfor verneområda. Gjennom bruk av merkevara i alle kommunane kan besøkande møte «Norges nasjonalparker» gjennom heile kundereisa og rundt heile Reinheimen. Det vil gje ein heilskap som bidreg til gode opplevingar for besøkande og auka verdiskaping. Meir om Norges Nasjonalparkkommunar her: <http://nasjonalparkkommuner.no/>

Per november 2019 er Lesja kommune og Lom kommune godkjent som nasjonalparkkommune etter nye kriterier. Norddal kommune (Fjord kommune frå 01.01.2020) har søkt om status. Kommunane må søkje innan 2020, dersom ikkje fell nasjonalparkkommunestatusen bort.

Besøkscenter og informasjonssenter

Norsk Tindesenter ligg strategisk til på Åndalsnes med mykje besøk. Tindesenteret har heilårsope med Spiret spiseri, klatrevegg, utstilling med fokus på tindesport, guida turar samt ulike arrangement. Norsk Tindesenter arbeider for å bli autorisert besøkscenter nasjonalpark. Dette er eit sterkt ynskje frå reiselivet i Rauma og Rauma kommune. Dette blir arbeidd med opp mot Miljødirektoratet med konkrete planar for korleis Norsk Tindesenter kan bli eit besøkscenter nasjonalpark med fokus på nasjonalparkinformasjon. Ein autorisasjon vil vera viktig for besøksforvaltning for Reinheimen, for å få eit auka fokus på nasjonalpark og verneområde på vestsida av Reinheimen generelt, for lokalmiljøet og for besøkande til området. Status som besøkscenter inneber at merkevara «Norges nasjonalparker» kan takast i bruk. Dette vil skape ein raud tråd i informasjonen til besøkande og gjera det lettare å samarbeide om informasjonstiltak for ei heilskapleg besøksforvaltning.

Norsk fjellsenter i Lom er autorisert besøkscenter nasjonalpark med ny utstilling i 2018 «Bergtatt» med fokus på formidling av natur og menneske i naturen. Fjellsenteret har mykje besøk og er ein viktig innfallspurt, både for oppleving av nasjonalparkane gjennom utstillinga og for formidling av informasjon til besøkande som kjem til området. Utvikling av informasjonen om Reinheimen på senteret vil vera dynamisk over tid i tråd med besøksforvaltninga.

Næringsaktørar

Ålesund-Sunnmøre Turistforening er ein viktig samarbeidsaktør som har delar av si verksemd inne i Reinheimen. Dialogen mellom ÅST og nasjonalparkforvaltninga er i dag god, både med omsyn på saker og besøksforvaltning. Mykje av besøkande i vestlege område av Reinheimen er knytt til ÅST sitt rute- og hyttenettverk. Dialog med ÅST om besøksforvaltning og konkret kva strekkingar og turar som skal marknadsførast aktivt av ÅST og DNT-systemet er viktig for å oppnå ynskt kanalisering. Som tidlegare omtalt, ynskjer nasjonalparkforvaltninga at stignettverket lengst vest blir lyfta fram framfor nettverket lengre aust mot Torsbu og Billingen. DNT Oslo og Omegn har Torsbu, og god dialog med dei om dette området er viktig. Nasjonalparkforvaltninga har i dag informasjonsplakatar på DNT-hyttene. Desse må oppdaterast. Informasjon spesifikt om villrein bør opp på hytter der dette er aktuelt og spesielt i område som er sårbare. ÅST brukar på å ha informasjon om Reinheimen nasjonalpark i sitt tidsskrift. Det er potensiale for meir informasjon om verneområda, verneverdiar, allemannsrett- med plikter i digitale kanalar. Her kan besøksside til Reinheimen om mogleg koplast til turistforeiningane sine nettsider. Det bør etablerast dialogmøte og/eller utarbeidast materiell til turleiarar og vertskap ved DNT-hytter som er i møte med mange besøkande og såleis viktige formidlarar for verneområda.

Skjåk Almenning, Lesja fjellstyre og Finndalen fjellstyre er næringsaktørar aust i Reinheimen. God dialog med desse er viktig for å følgje utviklinga på besøk. Jakt er den viktigaste næringa for desse aktørane, og ivaretaking av villreinen sine område er av størst interesse.

Destinasjonsselskap

For Reinheimen er det to sentrale destinasjonsselskap knytt til området. Nasjonalparkriket har medlemsbedrifter på austsida, i Skjåk, Lom, Vågå, Lesja og over mot Rauma. Visit Nordvest dekkjer Rauma. I tillegg arbeider Destinasjon Ålesund-Sunnmøre mot Valldal og området frå den kanten.

Destinasjonsselskapa er svært viktige for å få besøksforvaltninga ut i praksis. Dei viktigaste samarbeidstiltaka går på samordning av innhaldet i informasjonen som blir formidla ut til besøkande i formidlingskanalane.

Det er ynskjeleg med samarbeid for å synleggjere innfallsportane. Destinasjonsselskapa produserer innhald og når breitt ut. Fokusområda for destinasjonsselskapa er i hovudsak i randområdet til Reinheimen og konkret på innfallsportar som nasjonalparkstyret satsar på. For fleire av innfallsportane har Nasjonalparkriket laga filmar som marknadsfører området. På nasjonalparkstyret si nettside retta mot besøkande vil desse filmene kunne lenkast til og positivt synleggjere punkt der ein ynskjer kanaliseringa til. Vidare kan destinasjonsselskapa lenke til besøkssida for Reinheimen. Dette vil vera vinn-vinn for å få besøksforvaltninga ut i praksis.

Reiseliv

Reiselivet er viktige samarbeidsaktørar ved at dei møter besøkande og såleis er vertskap for Reinheimen/reinheimenambassadørar. Dette gjeld besøkssenter, guidar, organisasjonar, overnattingsstader, serveringsstader og andre som er i direkte kontakt med besøkande. Nasjonalparkstatusen har stor attraksjonskraft. Samstundes som at ein skal ta vare på Reinheimen skal det skapast synergjar av vernet. Reiselivet skal dra fordel av verneområda og nasjonalparkstatusen for auka verdiskaping. Samarbeidet skal bidra til begeistring, kanalisering, utvikling og informasjon og ynskje om å ta vare på og forvalte i lag. Hovudinnfallsportane, sjå kapittel 4.2., er knytt til allereie etablerte servicefunksjonar og infrastruktur, og eit samarbeid med aktørane som yter desse tenestene er avgjerande for å gje besøkande gode opplevingar. Reiselivsaktørar med tilknytning til verneområda kan nå søkje om kommersiell bruk av logo gjennom designmanualen for merkevara «Norges nasjonalparker». Dette er meir omtalt i kap. 5.1. Det ligg ein kvalitet i seg sjølv for ei bedrift å ligge i nærleiken av ein nasjonalpark. Kommersiell merke skal vera med å bidra til at bedrifter nyt godt av dette.

4.6 Lokalt engasjement

Auka bevisstheit om Reinheimen blant lokalbefolkning vil bidra til forankring av besøksstrategien. Synleggjering av verneområda i lokalmiljøet i kommunane i Reinheimen vil bidra til ynskje om å ta vare på. Profilering av merket «Norges nasjonalparker» i samarbeid med nasjonalparkkommunar er sentralt. Gjennom ulike tiltak nemnd i boksen nedanfor kan forvaltninga bidra til forståing for at verneområda kan bidra til mykje positivt, som t.d. brei verdiskaping, og at lokalbefolkninga er viktige lagspelarar i eit felles forvaltningsansvar for Reinheimen.

- *Dialogmøte/forum
- *Bruke etablerte utval- og samhandlingsarenaar
- *Formidlingsopplegg i skular
- *Formidle Reinheimen på etablerte lokale arenaar
- *Bruke sosiale media for synleggjering
- *Bruke lokale media aktivt for synleggjering
- *Forankring av verneområda i Reinheimen i lokalsamfunna gjennom god samhandling på ulike arenaar.

5 KOMMUNIKASJON AV BESØKSSTRATEGIEN

Denne delen tek for seg hovudliner for korleis besøksstrategien for verneområda i Reinheimen skal formidlast. Kommunikasjonen skal støtte opp under mål og strategiar og positivt styre bruken av verneområda. Innfallsportane er sentrale i kommunikasjonen, med fysisk og digital informasjon. Denne kommunikasjonsplanen dannar ei generell ramme for kommunikasjonen.

«Reinheimen er attraksjonen - verdiskapinga skjer utanfor» er overordna strategi for besøksstrategien for verneområda i Reinheimen. Strategien skal vera robust for å handtere ei større mengd besøkande. Besøksforvaltning for Reinheimen har som mål å ynskje hovudtyngda av besøkande velkomne til hovudinnfallsportane definert i besøksstrategien og gje dei ei oppleving av verdiane som Reinheimen husar, utan at dei må inn i området. Informasjon om Reinheimen skal, i større grad enn i dag, vera meir tilgjengeleg langs hovudferdselsårene der folk ferdast.

Ulike informasjons- og kommunikasjonstiltak i samband med besøksstrategien vil omfatte fleire målgrupper. Det vil såleis ikkje bli definert informasjonstiltak retta mot ei enkelt målgruppe. Til dømes vil eit vegskilt eller ei nettside nå fleire målgrupper og bidra til både at tilreisande får ei god oppleving samt at lokalbefolkning får auka kunnskap og bevisstheit om verneområda. Merkevara «Norges nasjonalparker» skal famne breitt. Informasjonsskilt i terrenget vil rette seg mot besøkande på dette punktet. Besøkande som er på ferie sommarstid, den typiske turisten, skal kanalisert til hovudinnfallsportane. Vidare kjem regional bruk og lokal bruk som omfattar fleire delar av området. Ein del informasjonspunkt er truleg mest brukt av lokale og mindre av turistar. Verdien av desse punkta og oppleving av området for lokale i sitt nærområdet er viktig å ivareta.

5.1 Informasjonstiltak i tråd med merkevara Norges nasjonalparker

Designmanualen under merkevara «Norges nasjonalparker» skal nyttast i all informasjon i regi av nasjonalparkstyret: <https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/>. Merkevara skal lyftast fram og vera ein raud tråd i informasjons- og kommunikasjonsarbeidet. Kommunikasjonen skal fange opp både potensielt besøkande før dei kjem til området og besøkande som er på reise i området. Ein nøkkelfaktor for å få besøksforvaltninga ut i praksis er godt samarbeid med reiseliv, kommunar, besøks- og informasjonssenter, grunneigarar, organisasjonar med fleire, der desse aktørane formidlar merkevara og Reinheimen.

I tillegg til nasjonalparkstyret, er besøkssenter og nasjonalparkkommunar godkjent etter nye kriteria aktørar under merkevara og kan bruke denne. Nasjonalparkstyret ser ein stor fordel at fleire blir aktørar under merkevara ved samarbeid om informasjonstiltak samt for eit heilskapleg uttrykk til besøkande.

Kommersiell bruk av merkevara. Verksemdar med geografisk tilhøyrslse til Reinheimen nasjonalpark kan søke om å nytte eit spesiallaga merke for merkevara «Norges nasjonalparker» saman med logo for eiga verksemd i marknadsføring av eit produkt, teneste eller aktivitet. Til dømes kan ei bedrift som tilbyr guida opplevingar i og ved Reinheimen søkje om å få nytte merket i si marknadsføring. Illustrasjon henta frå designmanualen:



Det er laga eigne merke for føremålet (kommersielt merke), og det er nasjonalparkstyret som behandlar søknaden og gjev løyve. Det kommersielle merket er utvikla for å hjelpe verksemdar til marknadsføring i relasjon til Norges nasjonalparker. Det er ein kvalitet i seg sjølv og ligge ved ein nasjonalpark og det er meint at verksemdar skal nytte godt av dette. Meir informasjon om ordninga her: <https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/kommersielt-merke/retningslinjer>

Informasjonsbank Reinheimen er meint som ei samling av informasjonstiltak i regi av Nasjonalparkstyret for Reinheimen. Denne skal utviklast med innhald av høg kvalitet som speglar besøksstrategien. Innhaldet kan vera skildringar av innfallsportar, turar, opplevingar, tenester, verneverdiar, fangstkultur, allemannsretten, beitedyr, bandtvang, kart mm. (Figur 7). Frå informasjonsbanken skal ulike konkrete produkt lagast, t.d. nettside, informasjonstavle, plakatar, app, brosjyre. Same innhald kan brukast på fleire flater. Dette i staden for at tekst, bilde mm. blir utarbeida til kvar enkel førespurnad eller at aktørar lagar sin eigen tekst om Reinheimen, som ofte er meir ressurskrevjande og gjev ulikt innhald og kvalitet.



Figur 7. Innhald i informasjonsbank Reinheimen, illustrert.

Digital informasjon

Digital informasjon er ein nøkkelfaktor i kommunikasjon av besøksstrategien. Fordelen med digital informasjon er at det kan endrast og distribuerast breitt på ein effektiv måte. Digitale løysingar vil nå målgrupper som ingen andre kanalar kan nå. Dei vil nå ut til både potensielt besøkande som ikkje er i området og til besøkande som er i området. Bruk av merkevara på digitale flater er skildra i designmanualen: <https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/maler/digitale-flater>

- **Nettside** for besøkande med informasjon om innfallsportar, opplevingar, turskiltringar, besøkssenter, guida opplevingar, servering- og overnatting, verneområdet, verneverdiar med temasider om t.d. villrein, kulturminne, beitedyr, allemannsrett og sporlaus ferdsel. Besøkssida skal vera portalen for besøkande til Reinheimen og spegle besøksstrategien. For skildringar av turar og opplevingar frå innfallsportane skal det lenkast til aktørar som allereie har slik informasjon og som marknadsfører dette, t.d. Nasjonalparkriket, Visit Nordvest, Nasjonale turistveger. Besøkssenter, informasjonssenter og enkeltaktørar i reiselivet som overnattings- og serveringsstader samt guidebedrifter skal også synleggjerast på denne sida.
- **Dynamiske tavler** på hovudinnfallsportar der det eignar seg for temaformidling og oversikt over innfallsportar med opplevingar (skjerm liknande dagens på Norsk Fjellsenter).
- **Sosiale media.** Formidle og synleggjere Reinheimen på Instagram og Facebook.

Fysisk informasjon

- **Informasjonstavler.** Fysiske tavler på innfallsportar tilpassa kvar enkelt innfallsport. På informasjonstavler på innfallsportane skal ulike tema formidlast. Innhaldet på informasjonstavler kan òg brukast på digitale flater. I tiltaksplanen, jf. kap. 6, er det detaljert oversikt over kva informasjonstavlene på dei ulike innfallsportane skal innehalde. Desse tema er skildra nedanfor og speglar innhaldet i tiltaksplanen.

Plakatar

1 - Kart og generelt om Reinheimen

Kartplakat, jf.

<https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/maler/plakater/kartplakat>.

Fokus på kart over heile Reinheimen, bilete og generell informasjon om Reinheimen. Kart over Reinheimen skal spegle besøksstrategien; tydelege syne fram innfallsportar samt formidle servicetenester. Kart skal vera i tråd med merkevarestrategi og vegleiar M-696 | 2017 «Utvikling av kart for merkevara Norges nasjonalparker.» Biletet er døme frå Jotunheimen.



2- Tema villrein

Temaplakat, jf.

<https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/maler/plakater/temaplakater>.

Temaplakat villrein skal formidle villrein som verneformål i Reinheimen. Plakatar med tema villrein er spesielt viktig å ha på innfallsportar som leier inn i sårbare område. Sårbarheita og korleis besøkande skal ta omsyn til villrein er viktig å formidle. Tema villrein er viktig å formidle generelt på innfallsportane da villrein er sentralt for Reinheimen. Biletet er døme frå Jotunheimen.





3- Tema kulturminne

Temaplakat, jf. designmanualen. Temaplakat kulturminne i Reinheimen skal vektlegge fangstkulturen på villrein. Plakatar med tema kulturminne skal plasserast der dette er sentralt og kan opplevast, t.d. informasjonspunktet ved Verket på Slådalen. Biletet er døme frå Jotunheimen.

4- Tema åtfersdsreglar

Informasjon om «skikk og bruk» i naturen er eit viktig tema og som mange besøkande søker informasjon om. Spesielt blant besøkande frå andre land er ikkje allemannsretten og kva det inneber ei sjølvfølgje og informasjonsbehovet er stort. Dette temaet kan formidlast både på trykt materiell og digitalt. På informasjonstavler på innfallsportane kan temaet innlemmast i tekst på plakat med kart og generell informasjon om Reinheimen, jf. tema 1.

5 - Tema beitedyr

Informasjon på strategiske punkt i området der det er mykje beitedyr og besøk, som i Finndalen. Korleis ty seg i møte med beitedyr?

- **Brosjyre**, jf. <https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/maler/brosjyrer>. Kart over området med innfallsportar og generell informasjon som skal distribuerast til aktørar rundt heile Reinheimen.
- **Vegskilt**. Skilt langs hovudferdselsårene for å informere om nasjonalpark og fange fleire besøkande. Samarbeid med nasjonalparkkommunar.
- **Kunnskapsformidling**. Produkt til guidar og andre reiselivsaktørar til bruk i si formidling til besøkande. Samarbeid med andre prosjekt, t.d. villreinløypa, om felles møte med reiseliv med fokus på kunnskapsformidling er aktuelt.

Kva innhald eksisterer og kva må produserast?

Tiltak på informasjon og innholdsproduksjon må avklare kva som føreligg av informasjon i ulike portalar i dag, kva som kan brukast vidare og kva nytt som må hentast inn. Dette blir ein del av prosessen i utvikling av tiltak. Nasjonalparkforvaltninga sin informasjon i dag er samla på ei heimeside som i stor grad fungerer som ei forvaltningsside (nasjonalparkstyre.no/Reinheimen) og på eksisterande informasjonstavler. Turinformasjon digitalt er mangfaldig og finst mellom anna i portalar som romsdal.com, morotur.no, Outtt Lesja, Outtt Skjåk, ÅST, UT.no. Gjennomgang av eksisterande materiale i ulike kanalar i dialog med ansvarlege aktørar må gjerast for kvalitetssikring.

5.2 Kommunikasjonskanalar

Besøksstrategi for Reinheimen skal kommuniserast i ulike kanalar (Figur 8). Kanalane er både fysiske (skilt, kart, brosjyrar), digitale (nettsider, appar, sosiale media). Lokalbefolkning, reiseliv, grunneigarar, organisasjonar, forvaltning, besøkssenter og informasjonssenter er viktige samarbeidsaktørar for kommunikasjon av Reinheimen. God kvalitet på informasjon i regi av forvaltninga og god dialog med samarbeidsaktørane er avgjerande for å få kommunisert ynskt besøksforvaltning.

Hovudinnfallsportane vil ha ei sentral rolle i kommunikasjonen av Reinheimen i tråd med besøksstrategi. Hovudinnfallsportane er peikt ut mellom anna med bakgrunn i at på desse vil besøkjande møte eit vertskap som kan formidle. Norsk fjellsenter, Billingen seterpensjonat, Valldal Trollstigen, Norsk Tindesenter og Lesja utgjer hovudinnfallsportane. Nokre har ope i sesong, andre heilårsope. Desse er viktige kommunikasjonskanalar for Reinheimen.



Figur 8. Aktuelle kommunikasjonskanalar for ynskt besøksforvaltning for Reinheimen.

Dialogmøte/forum

Dialogmøte med samarbeidsaktørar er ein viktig kommunikasjonsarena for å styrke samarbeidet og formidle besøksstrategien. På dialogmøte kan produkt frå informasjonsbanken i kommunikasjonskanalar distribuerast. Kva produkt som passar hjå den enkelte reiselivsaktøren avheng av målgruppa aktøren er i kontakt med.

Aktuelle forum er lista opp nedanfor. Ulike variantar av samansetting av grupper/forum kan gjerast avhengig av kva som passar best lokalt. Det er naturleg å bruke eksisterande forum der dette er etablert. Aktuelle prosjekt kan vera eit utgangspunkt for forum, t.d. med næringsaktørar for kommersiell bruk av merkevara.

- Reiseliv – eitt i aust og eitt i vest.
- Guidenettverk. Fokus på ulike tema. Kva kan nasjonalparkforvaltninga bidra med? Korleis kan guidenettverket bidra til forvaltning av Reinheimen?
- Destinasjonsselskap
- Bedrifter under Villreinløypa arrangert i lag med Villreinløypa
- Rådjevande utval.
- Administrativt kontaktutval. Korleis utvikle samarbeidet med nasjonalparkkommunane og samarbeide om felles informasjon og bruk av merkevare.

6 TILTAKSPLAN

Tiltaksplanen viser kva tiltak Nasjonalparkstyret for Reinheimen vil gjennomføre for å nå mål i besøksstrategien. Tiltaksplanen skal rullerast årleg ettersom tiltak blir gjennomførte, og der gjennomføringsgraden avheng av tildeling av midlar kvart år.

Nasjonalparkstyret skal bidra i utvikling av innfallsportar forankra i besøksstrategien. Kvar enkelt innfallsportar må ha ein plan for tiltak som skal gjennomførast for kvart punkt, kven som er involvert, kven som har ansvar for kva, kostnader mm., jf. retningsliner for prosjektering av innfallsportar, M-417|2015. Innfallsportane har ulike behov for tiltak. Nokre er velfungerande utan behov for større tiltak, andre må i større grad prosjekterast før tiltak kan iversettast. Prosjekteringsprosessen må skje i lag med samarbeidsaktørar lokalt. Dette vil bli ein del av tiltaksplanen og bestillingsdialogen som går frå år til år.

I samarbeidsprosjekt som involverer tilrettelegging og informasjon må det avklarast kven som skal ha ansvar for kva i kvar enkelt prosjekt. Eksisterande informasjonspunkt vart sett opp av kvar enkelt kommune da kommunane hadde forvaltningsmyndigheit for Reinheimen. Med besøksstrategien og merkevara «Norges nasjonalparker» er det naturleg at Nasjonalparkstyret for Reinheimen, som er forvaltningsmyndigheit i dag, tek eigarskap til informasjonsskilta og har ansvar for utskifting og vedlikehald. Nasjonalparkstyret avklarar dette med kommunane. innanfor verneområda styret har forvaltningsmyndigheit.

Tiltaksplan går fram av Tabell 5 (tiltak generelt) og Tabell 6 (tiltak på innfallsportane spesielt) nedanfor. Tiltaksplanen konkretiserer kommunikasjonsplanen for innfallsportane med omsyn på gjennomføring og samarbeidspartar. Tabellen er rettleiande. Endringar vil oppstå undervegs ettersom innfallsportane blir prosjektert og detaljar fell på plass. Tiltaksplanen er eit utgangspunkt for kva ein ser for seg som viktige tiltak for å få sett besøksstrategien ut i praksis.

Tabell 5. Tiltaksplan besøksstrategi Reinheimen i prioritert rekkjefølgje. Rettleiande.

Tiltak	Gjennomføring
Informasjonstiltak innfallsportar; oversikt tabell neste side (Tabell 6).	Forvaltarar, eksterne, samarbeidsaktørar på kvart enkelt punkt. Start 2020
Nettside for besøkande. Informasjon om: Reinheimen og verneverdiar, innfallsportar, forslag turar/opplevingar frå innfallsportane, lenker til aktuelle sider frå besøkssida.	Trollbinde AS. Ferdigstillast 2020.
Innhaldsproduksjon informasjon til besøkssida (og andre digitale kanalar): *Skildring av turar og opplevingar på hovudinnfallsportane med mykje besøk. Del 1. Turskildringar frå innfallsportane i Romsdalen, Trollstigen, Valldal. Ferdigstilt Outtt AS 2019. Del 2. Oppdatere eksisterande digitale turskildringar i Outtt på hovudinnfallsportane og kople til rundreise. *Innhaldsproduksjon tema villrein og tema fangst/kulturminne.	Start 2019. Ferdigstillast 2020. Produsere i 2020. Samarbeid Breheimen NP-styreNasjonalparkriket, Outtt AS, Fylkesmannen i Innlandet, Fylkeskommunar m.fl.
Brosjyre med kart over Reinheimen og utvalde tema, jf. designmanualen. Distribuerast på hovudinnfallsportar og sentrale punkt.	Miljødirektoratet har avtale med aktør for produksjon og set i gang arbeidet. Produsere i 2020.
Invitere aktørar til å søkje om kommersiell bruk av merkevara Norges nasjonalparker https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/kommersielt-merke/retningslinjer	Forvaltarar. 2020.
Vegskilt på strategiske punkt. Trollstigen ved kryss E136 og ved innkørsel på toppen. Vurdere eksisterande vegskilt: i dag inn til Lordalen, Slådalen, Dønfoss.	Avklare med Statens vegvesen, vegeigar, Miljødirektoratet, kommunar. 2020
Skifte ut informasjonsplakatar om Reinheimen på DNT-hytter: A3-plakat, jf. designmanualen. Få produsert og sett opp «Villreinplakaten» på DNT-hytter i Reinheimen.	Forvaltarar Samarbeid om villreinplakaten med DNT, Breheimen NP-styre, Reinheimen-Breheimen villreinnemd. 2021.
Dialogmøte med reiselivsaktørar lokalt. Bruke eksisterande fora. T.d. guidenettverk, vertskapskurs, villreinløypa.	Forvaltarar. Årleg.
Informasjon ut i synlege kanalar på nye ferdseksformer. Sykkel, el-sykkel, drone - kva gjeld. Media.	Forvaltarar. Når aktuelt.
Utarbeide kunnskapsbasert materiale til formidling, t.d. på vertskapskurs.	Forvaltarar. Samarbeid med ulike aktørar om innhald.
Vurdering kulturminne og sårbarheit i besøksområde. T.d. Bispevatnet. Kunnskapsformidling av dette.	Fylkeskommunane, forvaltarar
Fotokonkurranse med fokus på å synleggjere nasjonalparkstatusen. #reinheimennasjonalpark T.d.: beste utsikt til Reinheimen NP?	Forvaltarar
Skular. Formidlingsopplegg t.d. villrein og fangstkultur. Evt. utvikle med tida.	Forvaltarar
Bidra på arrangement. Festivalar med fokus på fjell mm. Når aktuelt.	Forvaltarar

Tabell 6. Tiltak på innfallsportane.

Informasjonspunkt	Status	Tiltak	Samarbeidsaktører
Hovudinnfallsportar			
Norsk Tindesenter - Åndalsnes	Ingen etablert informasjon om nasjonalparken i dag.	Utvikle informasjon om nasjonalparkane og turinformasjon. Arbeide for besøkscenter nasjonalpark. Naturutstilling. Norsk Tindesenter i gang med planlegging av naturutstilling med fokus på m.a. villrein og nasjonalparkane. Digital skjerm. Tavler. Aktivitet for unge. Utvikling 2020. Norsk Tindesenter styrer prosjektet. Tett samarbeid med nasjonalparkstyra.	Norsk Tindesenter, Guide Romsdal, Dovrefjell NP-styre, Rauma kommune, SNO
Trollstigen	Tavle på betongvegg langvegg om Trollstigen LVO sett opp av Rauma kommune. Kløvstien: A2-tavler i stål langs Kløvstien, totalt 6 plakatar sett opp i 2012. Oppfølging: avklare eigarforhold og vedlikehaldsansvar	Oppstartsmøte gjennomført november 2019. Nasjonalparkinformasjon opp på hovudvegg ved kafé for auka synleggjering. Portalskilt på eigna stad; forslag på høgde over anlegget på stig til Stabbeskaret. Arbeide vidare med Strupen som utgangspunkt for tur: parkering, informasjon, stig mellom anlegg Trollstigplatået og Strupen, langs veg og overside i terreng. Kløvstien ligg i Trollstigen LVO. Naturleg at nasjonalparkstyret tek ansvar for eigarskap og vedlikehald av tavlene. Ved utskifting erstatte med plakatar i tråd med merkevare.	Nasjonale Turistveger, Statens vegvesen, Rauma kommune, Trollstigen kafé, Visit Nordvest, Norsk Tindesenter, SNO, Møre og Romsdal Fylkeskommune
Valldal sentrum	Informasjonsstativ utandørs i samarbeid med verdsarven. Manglar dokumentasjon på stativ og innhald.	Tettstadutviklingsprosjekt i Valldal pågår med planar om heilårs turistinformasjon på hamna. Bidra med nasjonalparkinformasjon i prosjektet, avklare detaljar i lag med samarbeidsaktører. Dialog med Verdsarven nov 2019: arbeide for felles kartplakat og info.	Fjord kommune, Geiranger-Herdalen LVO, Verdsarven, Fjordhagen, Valldal naturopplevingar
Billingen	Utarbeidd landskapsplan, jf. forprosjekt 2015-2017. Informasjonstiltak pågår 2019. Ferdselsteljarar ute 2019. Følgje opp med tilretteleggingstiltak stig for å styre ferdsel og unngå vidare terrengslitasje.	Naturstig Informasjonstavler Ferdselsteljarar 2019 Overvake stiar med omsyn på terrengslitasje og vurdere tiltak.	Breheimen NP-styre, Skjåk kommune, Billingen Seterpensjonat, Norsk fjellsenter, Skjåk Almending, Villreinløypa, SNO, DMT.
Norsk fjellsenter Lom	Besøkscenter nasjonalpark.	Nytt informasjonsmateriell i tråd med besøksstrategi.	Norsk fjellsenter, Lom kommune, Villreinløypa
Lesja	Tussheim: prosjekt i regi av Lesja kommune. Informasjonstavler ved stigstart sentrum og langs tur opp til Tussheimbue.	Tussheim: 2x informasjonstavler ved turstart i sentrum i samarbeid med Dovrefjell NP-styre; 1	Lesja Bygdemuseum Lesja kommune Dovrefjell NP-styre

	Lesja bygdemuseum: Trestativ ved parkeringsplass Lesja bygdemuseum. Disse sto ei tid tomme og var tenkt til informasjon i regi av NP-styret, men utsett pga. ny merkevare.	felles karttavle, 1 om nasjonalparkane. Portalskilt ved Tussheimbue. <u>Lesja bygdemuseum</u> : avklare om NP-forvaltninga skal ha fysisk informasjon her. Vurdere kopling mellom sentrum og bygdemuseet for å synleggjera stadene?	Villreinløypa Lesja fjellstyre SNO
Informasjonspunkt	Status	Tiltak	Samarbeidsaktørar
Informasjonspunkt langs veg			
Trollveggen	Trekanta informasjonstativ i metall og glas på fundament av nedgravne steinar, sett opp i 2009. 3 tavler på stativ med informasjon om Reinheimen NP, Romsdalen LVO og Reinheimen kartplakat. Plakatar 70x90cm. Tilstand: sjølve stativet god.	Erstatte eksisterande stativ med «Stort skilt» jf. designmanualen: skilt i cortenstål 2000x950 mm, plakat i aluminium 1000x700 mm, jf. designmanualen. Innhald: Kart og generell info Reinheimen. Digital tavle utanfor Trollveggen besøkssenter: få innhald her?	Trollveggen besøkssenter, Rauma kommune, Norsk Tindesenter, SNO
Dønfoss	3 trestativ med informasjon på begge sider: om Reinheimen, Ottadalen, kart Reinheimen, om Breheimen, kart Breheimen og ei for aktivitetar i nærområdet. Plakatar 70x90 cm. Tilstand god. Naturutstilling inne i eiga avdeling ved Coop marked. Utvikla av Norsk fjellsenter. Tilgjengeleg innanfor opningstider.	Skifte ut innhald eksisterande tavler/ sette opp nye skilt i cortenstål. Utforme med samarbeidsaktørar. Framtid for utstilling i butikken usikker.	Norsk fjellsenter, Skjåk kommune, Breheimen NP-styre, Skjåk Almenning, Coop Ottadalen, Villreinløypa
Avdembue	Ingen eksisterande informasjon. Strategisk punkt langs E136 med mykje besøk. Kafé og utsal. Utsikt til Reinheimen.	Etablere informasjonstavle. Ynskje frå eigarar. Felles plakatar Reinheimen og Dovrefjell-Sunndalsfjella. Same innhald plakatar som på Tussheim. 2x skilt i cortenstål 2000x950 mm, 2x plakatar i aluminium 1000x700 mm, jf. designmanualen. Innhald: 1- Kart verneområda 2- Om nasjonalparkane	Avdembue, Lesja kommune, Villreinløypa, Dovrefjell NP-styre
Bjorli - YX	Ingen eksisterande informasjon. Stor aktivitet av hyttefolk, lokale- regionale og internasjonale besøkande. Området rundt bensinstasjon sentralt punkt.	Felles plakatar på vegg Reinheimen og Dovrefjell-Sunndalsfjella. Avklare plassering. Bruke same innhald som Tussheim. 2x plakatar 700x500 mm i aluminium, jf. designmanualen. Innhald: 1- Kart verneområda 2- Om nasjonalparkane	Dovrefjell NP-styre, Lesja kommune, aktørar på Bjorli, Visit Bjorli
Fauttjønn - Slådalen	Informasjonshus med 2 informasjonsplakatar: om Reinheimen NP og Reinheimen kartplakat. Plakatar 70x90 cm. Utedo og søppelstativ ved huset. Opphavelig planar om å utvide informasjonen i huset om massefangstanlegg.	Skifte ut plakatar på vegg: 2x plakatar 1000x700 mm i aluminium, jf. designmanualen. Innhald: 1- Kart og generell info Reinheimen 2- Tema kulturminne/fangst	Lesja kommune, Lesja bygdemuseum, Villreinløypa

	Skilt frå vegen til infopunkt (hus ligg rett ved vegen).		
Vågåmo	Ingen eksisterande informasjon.	Enkel informasjon i sentrum. Avklare plassering. Plakat på tavle ved kommunehuset? Sjå behov etter kvart. Evt. pakat 1000x700 mm i aluminium, jf. designmanualen. Innhald: Kart og generell info Reinheimen.	Vågå kommune Jotunheimen NP-styre Villreinløypa
Isterdalen	Trestativ frå Lesja sag, sett opp av SNO i 2010, på bestilling frå Rauma kommune som tidlegare forvaltningsmyndigheit. Solid fundament i betong. 3 tavler på stativet med informasjon om Trollstigen LVO, Reinheimen NP og Reinheimen kartplakat. Plakatar 70x90 cm. Tilstand: god. Beisast ved behov.	Sjå i samanheng med tiltaksplan for Trollstigen. Eigar av Trollstigen camping og gjestegård har planar om miljøanlegg med fokus grøntområde med lågterskel aktivitetstilbod. Naturstig her? Erstatte dagens 3-delte stativ med 1 stativ i cortenstål / bruk av vegg/bygg. Prosjektere informasjonsløyseringar i samarbeid med eigar.	Trollstigen camping og gjestegård, SNO, Rauma kommune.
Slettvikane	Reguleringsplan vedteke i Norddal kommune i 2006. Byggeskisse 2018. Mål nr.1 å betre sanitære utfordringar. Per januar 2019 er drift av toalett ikkje avklart. 2 steintavler med informasjon om Reinheimen NP og Reinheimen kartplakat. Plakatar 70x90 cm. Tavlene skal flyttast til andre sida av Fv. 63, jf. reguleringsplan.	Finansiering må på plass. Drift av toalett må avklarast. Investeringskostnad: toalett, del av opparbeiding av rasteplass og informasjonstavler. Bruke eksisterande steintavler? 2x nye plakatar, 1000x700 mm i aluminium, jf. designmanualen. Innhald: 1- Kart og generell info Reinheimen 2- Tilpassa Slettvikane; steinalderbuplass/kulturminne? Gamal informasjonstavle om Kløvstigen er i dårleg stand og bør fjernast i 2020 uavhengig av prosjekt.	Fjord kommune, grunneigarar, Statens Vegvesen, Møre og Romsdal Fylkeskommune, SNO
Enkel informasjon			
Informasjonspunkt	Status	Tiltak	Samarbeidsaktørar
Zakariasdammen	Informasjonstavler stigstart. 3 tavler. Plakatar 70x90 cm. Eine glastavle knust. ÅST har ei tavle ved sidan av NP-styret sine 3.	Erstatte eksisterande stativ med: 2x skilt i cortenstål 2000x950 mm, plakat i aluminium 1000x700 mm, jf. designmanualen. Flytte punktet til meir strategisk plass. Forslag: grøntområde mellom parkering og skråning ned til vatnet. Avklarast. Innhald: 1- Kart og generell info Reinheimen. 2- Tema villrein	Fjord kommune, Ålesund-Sunnmøre Turistforening, SNO
Tunga	Informasjonsstativ i ein firkant, produsert av Lesja sag, sett opp av SNO i 2010, på oppdrag frå Rauma kommune. Solid fundament i armert betong. Informasjon om Romsdalen LVO, Reinheimen NP, Reinheimen kartplakat og plakat frå turstigprosjektet i Rauma. Plakatar 70x90 cm. Tilstand på stativ god.	Fokusere på 2 tavler. Stativ firkanta og kan stå. Skifte ut innhald 2 tavler, fjerne nr. 3. 2x plakatar 1000x700 mm i aluminium, jf. designmanualen. Innhald: 1- Kart og generell info Reinheimen 2- Tema villrein	Rauma kommune, Ålesund-Sunnmøre Turistforening, brukarar, SNO

Aursjoen	2 steintavler sett opp av SNO på oppdrag av Skjåk kommune som forvaltningsmyndighet i 2008. Plakatar 90x120 cm P-plass. Utedo i regi av Skjåk Almenning. Tilstand god.	Skifte ut innhald eksisterande steintavler: 2x plakatar 1000x700 mm i aluminium, jf. designmanualen. Innhald: 1- Kart og generell info Reinheimen 2- Tema villrein	Skjåk kommune, Skjåk Almenning, SNO
Lordalen	Informasjonsstativ på p-plass Nysetra innerst i Lordalen. Produsert på Lesja sag, sett opp av Lesja fjellstyre for SNO, på oppdrag frå Lesja kommune. Halvmåneforma trestativ på solid fundament av betong, med plass til 3 plakatar; informasjon om Lordalen LVO, Reinheimen NP og kartplakat Reinheimen. Plakatar 70x90cm. To infotavler på kvar side av stativ: ein med info frå Lesja fjellstyre, ein med tilfeldig info. Tilstand god.	Redusere tal på tavler. Avklare med Lesja fjellstyre som har tavler på kvar side av forvaltninga sitt stativ. Forslag: fjerne to stativ på sidene og fokusere på eitt stativ. Skifte ut info på to tavler. Lesja fjellstyre får disponere nr. 3. 2x plakatar 1000x700 mm i aluminium, jf. designmanualen. Innhald: 1 - Kart og generell info Reinheimen 2- Tema villrein	Lesja kommune, Lesja fjellstyre, brukarar, SNO.
Finndalen (Odden)	Solid trestativ på betongfundament, sett opp i firkant. Stativ produsert av Gjøgingsli snikkarverkstad, sett opp av SNO i 2014. Stativet har 4 tavler med informasjon: Finndalen LVO, Reinheimen NP, Reinheimen kartplakat og plakat frå Finndalen fjellstyre. Plakatar 70x90 cm. Bord- og benkesystem ved bålplass. Utedo på andre sida av veg. A2-plakatar på trestativ langs Finndalen med ulike tema. Skifta ut av SNO i 2014.	Etablere arbeidsgruppe for å lage eiga tiltaksplan for Finndalen, både for tiltak knytt til besøksforvaltning og skjøtsel. Portalskilt ved Odden? Skifte ut innhald eksisterande tavler. Forslag innhald: 1- Kart og generell info Reinheimen 2- Tema villrein 3- Tilpassa Finndalen Detaljar avklarast i arbeidsgruppe. Plakat med kart og generell info Reinheimen på utedo ved Vangen? Naturleg at forvaltningsmyndigheita har vedlikehaldsansvar for A2-plakatar. Utskifting når tida er inne for det.	Finndalen fjellstyre, bruksrettshavarar, Vågå kommune, Lom kommune, SNO
Muldalsvika	Informasjonstavler etablert i regi av Norddal kommune som forvaltningsmyndighet i 2009/2010. Punktet består av 3 steintavler med informasjon om Søralsvika, Reinheimen NP og Reinheimen kartplakat. Plakatar 70x90 cm. Tilstand: Solide steinstativ.	Fokusere på 1-2 steintavler, fjerne resterande. Nytt innhald: Plakat 1000x700 mm i aluminium, jf. designmanualen. Kart og generell info Reinheimen Avklare evt. innhald tavle nr. 2.	Fjord kommune, grunneigarar, SNO
Øvstestølen	Informasjonstavler etablert i regi av Norddal kommune som forvaltningsmyndighet i 2009/2010. 3 steintavler med informasjon om Øvstestølen, Reinheimen NP og Reinheimen kartplakat. Plakatar 70x90cm. Tilstand: Solide steinstativ.	Fokusere på 1-2 steintavler, fjerne resterande. Nytt innhald: Plakat 1000x700 mm i aluminium, jf. designmanualen. Kart og generell info Reinheimen Avklare evt. innhald tavle nr. 2.	Fjord kommune, grunneigarar, SNO
Gudbrandsjuvet	Forvaltninga har informasjon om Reinheimen her. Format etter Nasjonale Turistvegar sin standard.	Erstatte eksisterande informasjon i tråd med ny merkevare. Bruke same plakat som utarbeidast for Trollstigen, format 1200x900 mm ståande.	Nasjonale Turistvegar, Statens

			Vegvesen, Fjord kommune
Nordherad	Stort og massivt trestativ. 3 informasjonstavler; plakatar 90x120 cm. Tung og dårleg konstruksjon. Ikkje samanhengande fundament, kun punktstøype for kvar stolpesko. Tilstand dårleg, eitt av stativa bør vurderast å ta ned. Skilt frå vegen til infopunkt.	Fjerne stativ. Vurdere om ny informasjon skal opp.	Vågå kommune, Nordheradprosjektet, Nasjonalparkriket, SNO
Rånå	Trestativ på solid fundament av betong, med plass til 3 plakatar. Stativet har to plakatar med informasjon om Reinheimen NP og Reinheimen kartplakat. Plassert på mykje brukt p-plass Rånå. Start for skiløyper og turar mot Asbjørnsdalen. Tursatsingsprosjekt i Lesja har eiga tavle på utedo på same parkeringsplass.	Skifte ut innhald eksisterande tavler: 2x plakatar 1000x700 mm i aluminium, jf. designmanualen. Innhald: 1- Kart og generell info Reinheimen 2- Tema villrein	Lesja kommune, SNO, aktørar på Bjorli
Sjugurdgarden (Brøstdalen)	Informasjonsstativ ved mykje brukt vinterparkering og mykje brukt sommarbomveg før Sjugurdgarden i Brøstdalen. Sett opp i 2009. I 2015 sett på messinghattar på alle stolpane. Trestativ på solid fundament av armert betong, med 3 plakatar; Reinheimen NP, Romsdalen LVO, Reinheimen kartplakat.	Fokusere på 1 plakat. Avklare 2 andre delar på stativ. Plakat 1000x700 mm i aluminium, jf. designmanualen. Innhald: Kart og generell info Reinheimen	Rauma kommune, grunneigarar, SNO
Lia (Lom)	Solid trestativ sett opp i 2008. Plassert langs sommarbilveg og vinterparkering for skiutfart. Stort sett lokal utfart. Tilstand: Treverket stabilt og fint, taket i skifter er knust. Skifertak må fjernast eller skiftast ut.	Dagens plassering lite strategisk med omsyn på trafikkmonster. Fjerne stativet og vurdere ny plassering. Aktuelt innhald dersom ny informasjon: 1- Kart og generell info Reinheimen 2- Tema villrein Oppgradere naturstig frå Lia til Søre Storteppingen?	Lom kommune, grunneigarar, SNO
Milthaug (Vågå)	Stort massivt stativ. Tung og dårleg konstruksjon på enkle stolpesko. Ikkje samanhengande fundament, kun punktstøpte stolpesko. Plassert ved enden av landbruksveg med lite og stort sett lokal trafikk. Tilstand: dårleg. Bør vurdere å ta ned eitt av stativa pga. tilstand og usentral plassering.	Fjerne punktet som følgje av dårleg tilstand og lite strategisk punkt for besøk.	Vågå kommune, SNO.

7 LITTERATUR

- Bevanger, K., Hansen, F. & Jordhøy, P. 2007. Villrein i Ottadalsområdet. – NINA Rapport 227. 95 s.
- Finstad, E. og Skauen I. 2003: *"Innspill til konsekvensutredning. Reinheimen nasjonalpark med landskapsvernområder for Ottadalen, Finndalen og Lordalen, og Torsnos biotopvernområde. Kulturminner og kulturmiljøer Lesja, Vågå, Lom og Skjåk i Oppland"*.
- Forskrift om Reinheimen nasjonalpark. (2006). Forskrift om vern av Reinheimen nasjonalpark av 24.11.2006 nr. 1302.
- Fylkeskommunane i Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Regional plan for Ottadalsområdet - Hammitt, W. E., B. P. Kaltenborn, et al. (1992). "Common access tradition and wilderness management in Norway - A paradox for managers." *Environmental Management* 16(2): 149-156.
- Jordhøy, P. (red.), Sørensen, R., Aaboen, S., Berge, J., Dalen, B., Fortun, E., Granum, K., Rødstøl, T., Kjørstad, M., Bøthun, S. W., Gundersen, V., Holand, Ø., Madslie, K., Mysterud, A., Myren, I. N., Punsvik, T., Røed, K. H., Strand, O., Tveraa, T., Tømmervik, H., Ytrehus, B. & Veberg, V. (red.). 2017. *Miljøkvalitetsnormer for villrein – Forslag fra en ekspertgruppe. – NINA Rapport 1400. 193 s.*
- Kontaktutvalet for Reinheimen 2010. Forvaltningsplan for Reinheimen. 165 s. 2014-2026. 65 s. Vedteke i 2016.
- Miljødirektoratet 2015. Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder. M-nummer M-415. 42 s.
- Miljødirektoratet 2015. Innfallsporier. M-nummer M-417. 34 s.
- Miljødirektoratet 2017. Utvikling av kart for merkevaren Norges nasjonalparker. M-nummer M-696. 28 s.
- Norsk institutt for naturforskning (NINA), 2013. Reinheimen Nyregistreringar av fangstminne 2010-2011 NINA rapport 784
- Reinheimen-Breheimen Villreinutval (tidlegare Ottadalen Villreinutval). Årsmelding for 2016 og 2017
- Reinheimen-Breheimen Villreinutval (tidlegare Ottadalen Villreinutval). Årsrapportar jakt for 2013, 2014, 2015, 2016, 2017.
- Statens naturoppsyn Reinheimen 2015. Fysisk informasjon i Reinheimen. 22 s.
- St.meld. nr. 18 (2015-2016). Friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet. Klima- og Miljødepartementet.
- Sørungård, R. & Strand, O. 2011. Villreinen i Ottadalen. Kunnskapsstatus og leveområde. – NINA Rapport 643. 85 s. + vedlegg.
- Universitetsmuseet i Bergen, 2017. Krynkelen, Arkeologiske sikringsundersøkelser av fonn og fangstanlegg. Rapport nr.2 - 2017.
- Verneforskrifter og lovverk: <http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/Dokumentarkiv/Verneforskriftene-i-Reinheimen/>
- Villreinutvalet Ottadalsområdet, Jordhøy P. (red.) 2014. Reinheimen-Breheimen; Frå pil og boge til lasso og gevær.

Norges nasjonalparker

Reinheimen nasjonalparkstyre forvaltar

- Reinheimen nasjonalpark
- Finndalen landskapsvernområde
- Ottadalen landskapsvernområde
- Lordalen landskapsvernområde
- Romsdalen landskapsvernområde
- Trollstigen landskapsvernområde
- Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde
- Brettingsmoen naturreservat

Kontaktinformasjon Norges nasjonalparker

Telefon: 03400/73 58 05 00 | Faks: 73 58 05 01
E-post: post@miljodir.no
Nett: www.miljodirektoratet.no
Post: Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010, Trondheim